

# SLAMPLAN for MØRE OG ROMSDAL

## Del II

### Behandling og disponering av kloakkslam



Forsidefoto: K. Megård

Rapport nr. 5 - 1996

ISBN 82-7430-092-0

ISSN 0801-9363







# FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde

		Rapport nr: 5/96
		Tilgjenge Offentleg
Tittel:	Dato:	
Slamplan for Møre og Romsdal	Februar 1996	
Forfatar:	Sidetal:	
Siv. ing. Magnulf Rise, Interkonsult AS	43 + 6 vedlegg	
Samandrag:	Rapporten omfattar:	
<p>Forskrift om avløpsslam vart vedteken den 02.01.95. Forskrifta set krav til hygienisering og stabilisering før slammet kan brukast i landbruket eller til grøntområde.</p> <p>Det er lagt til grunn ei nasjonal målsetjing(SFT) om at minst 75 % av slammet blir brukt til nyttige formål innan år 2000. Før bruk skal slamkvaliteten dokumenterast ved prøvetaking..</p> <p>Ulike behandlingsmåtar for slam blir omtala. I første omgang vil ein nytte metodar som krev minst moglege investering, som t.d. langtidslagring og kompostering. For å få fram eit produkt brukarane aksepterer, er det peika på at det truleg vil bli nødvendig med meir maskinell behandling av slammet. Dette vil truleg føre til at ein får færre og større regionale behandlingsanlegg</p>	Alle kommunar i Møre og Romsdal	
Emneord: Kloakkslam, slamplan, hygienisering, disponering	ISBN 82-7430-092-0 ISSN 0801-9363	
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
		

Beredskapsavdelinga

Telefon 71 25 84 86

Telefaks 71 25 85 18

Kommunal- og samordningsavdelinga

Telefon 71 25 84 43

Telefaks 71 25 85 10

Landbruksavdelinga

Telefon 71 25 81 59

Telefaks 71 25 81 57

Miljøvernavdelinga

Telefon 71 25 84 75

Telefaks 71 25 85 09

Sosial- og familieavdelinga

Telefon 71 25 84 52

Telefaks 71 25 84 61

## FORORD

Fylkesplanen for kloakkslam Møre og Romsdal er eit todelt plandokument med undertittel Del I og Del II.

Del I omfattar innsamling, avvatning og mellomlagring av kloakkslam. Del II omfattar behandling og disponering av kloakkslammet frå del I.

Etter at del I var fullført (1991) fann ein det best å stoppe opp for å sjå om dei tilrådde *løysingane* også let seg praktisk gjennomføre.

I hovudsak synest løysingane i følge del I å ville vere omsett i praktisk handling i løpet av 1996. Det har da gått ca. 4 år frå dei første kommunane starta opp til dei siste får på plass sine ordningar.

For del I viser vi til rapportane

- Kloakkslam i Møre og Romsdal, del I datert 22.4.91
- Kloakkslam i Møre og Romsdal, samandrag

Det blei oppnemnt eigen høyringsgruppe også for del II av slamplanen med følgjande representantar:

Olav Bye	Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR)
Ivar Furu	Nordmøre Interkommunale Renovasjonsselskap (NIR)
Kjetil Årøen	Volda-Ørsta Reinhaldsverk (VØR)
Ola Aasen	Ålesund kommune
Knut Herje	Landbruksavdelinga
Ove Storholm	Fylkeslegen

Arbeidet er leia overingeniør Noralv Bell, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og er i utført av Interconsult AS (tidl Østlandskonsult AS) v/sivilingeniør Magnulf Rise.

Planarbeidet blei oppstarta i 1994 basert på det høyringsutkast til slamforskrift som da låg føre. Etter at planforslaget på det næraste var ferdig, kom den nye slamforskrifta som var vesentleg endra i høve til høyringsutkastet. Seinare har NORVAR gitt ut tre rapportar om behandling og bruk av slam, og Statens helsetilsyn har komme med retningsliner for behandling av søknader om bruk av avløpsslam.

Slamplanen er retta opp i høve til forskrifta, men det er igjen ei viss overlapping med slamrapportane frå NORVAR og retningslinene frå Statens helsetilsyn.

Denne rapporten omfattar i hovudsak avløpsslam. Det kan for ein del kommunar vere snakk om å blande avløpsslam med våtorganisk avfall og til dels også husdyrgjødsel. Dette er problemstillingar som er knytt opp mot andre avfalls-/ressursstraumar og som fell utanfor rammen av dette planarbeidet.

Det er også klart at ein god del av mengde- talmaterialet er svært usikkert og må oppdaterast i samband med høyringsrunden eller ved seinare rullering av planen.

<b>INNHALD</b>	<b>SIDE</b>
<b>FORORD</b>	<b>1</b>
<b>INNHALDSLISTE</b>	<b>2</b>
<b>VEDLEGG OG REFERANSAR</b>	<b>3</b>
<b>1. INNLEIING</b>	<b>4</b>
<b>2. UTDRAK AV SLAMPLAN MØRE OG ROMSDAL, Del I</b>	<b>4</b>
<b>3. GRUNNLAGSDATA FOR MØRE OG ROMSDAL</b>	<b>7</b>
3.1    Slamkjelder, slammengder og slamkvalitet	
3.2    Status pr. 1994 for disponering og behandling av slam	
3.3    Administrative og organisatoriske tilhøve	
3.4    Økonomi	
<b>4. RAMMEVILKÅR</b>	<b>13</b>
4.0    Generelt	
4.1    Forskrift om avløpslam	
4.2    Rettleiing om slam	
4.3    Prosjektrapportar om slam	
4.4    Forskrift om internkontroll	
<b>5. MÅL</b>	<b>17</b>
<b>6. GENERELT OM DISPONERING AV SLAM</b>	<b>18</b>
6.0    Karakterisering av slam	
6.1    Generelt	
6.2    Krav til slam for bruk i jordbruket	
6.3    Krav til slamforbruk på grøntareal	
6.4    Krav til slam som ingrediens i jordforbetningsmiddel mv.	
6.5    Krav til utarbeiding av slambruksplanar	
6.6    Rutinar for prøvetaking og analyse	
6.7    Krav til lagring, mellomlagring og deponering av slam	
6.8    Evt. forbrenning av slam	
<b>7. BEHANDLINGSMETODAR FOR SLAM</b>	<b>30</b>
7.1    Stabilisering	
7.2    Hygienisering	
<b>8. VAL AV HOVUDLØYSINGAR</b>	<b>35</b>
8.1    Innsamling og avvatning	
8.2    Disponering og behandling	
8.3    Klarlegging av avvik mellom dagens nivå og oppsette mål	
8.4    Tiltaksanalyse med tilråding om val av hovudløysingar	
8.5    Presentasjon av hovudløysingar og tiltak	
8.6    Kostnader og finansiering/avgifter	
8.7    Strategi for å nå måla	
8.8    Organisering	
8.9    Rapportering	



## VEDLEGG

- 1 Slammengder, tabell 1 og 2
- 2 Slamregionar
- 3 Avgifter for slamtømming
- 4 Kostnadskurver
- 5 Landbruksstatistikk
- 6 Forskrift om avløpsslam

## REFERANSELISTE

1. Slamplan Møre og Romsdal del I
2. Forslag til veiledning for utarbeidelse av fylkesvise slamplaner
3. Stortingsmelding nr. 44/86
4. SFT's virksomhetsplan 1994
5. Forskrift om avløpsslam 1995
6. Forurensingsloven
7. Veiledning om utarbeidelse av kommunale avfallsplaner, SFT 94:02
8. Forskrift om handel med jordforbetringsmidler m.v, sist endret 22.05.95
9. Slambehandling NORVAR 51/95
10. Bruk av slam i jorbruket 52/95
11. Bruk av slam på grøntareal 52/95
12. Veiledning for prøvetaking av slam, SFT 95:10
13. Behandling av søknad om tillatelse til bruk av avløpsslam.
14. veiledning for prøvetaking og bestemmelse av tungmetaller i jord fra dyrket mark, SFT 95:11

## 1. INNLEIING

Del II av slamplanen bygger på dei slammengder mv. ein kom fram til i del I av planen. Dessverre er det framleis usikre slammengder, og meir pålitelege tal kan ikkje framskaffast før etter at 1. tømmerunde er gjennomført i alle kommunane, dvs. tidlegast i løpet av 1997.

Det er lagt til grunn at dei valde løysingane for innsamling mv. (i hovudsak mobil slamavvatning) vil definere det slam-råmaterialet som skal behandlast fram til ca. år 2000. Dette vil i praksis seie følgjande:

- Avvatna kloakkslam frå offentlege og private slamavskiljarar, TS 15 - 20%.
- Avvatna slam frå silanlegg og finrister, TS ca. 20 %.
- Avvatna slam frå høggradige reinseanlegg, TS ca. 25 %.
- Avvatna slam frå feittutskiljarar, TS ca. 15 %.

Pr. i dag synest det mest sannsynleg at dette vil vere det dominerande råstofftypen også etter år 2000.

## 2. UTDRAG AV SLAMPLAN FOR MØRE OG ROMSDAL, DEL 1

Kfr. ref. 1

### Slammengder

Slamproduksjonen pr. 1990 v/ tvungen slamtømming er utrekna/stipulert til mengder slik det framgår av etterfølgjande oppstilling. Grunnlaget for slammengda er følgjande:

1. Basis for tal på septiktankar hovudsakleg nyregistrering utført i tidsrommet 1991-95, men også tal frå registrering i 1988 er brukt.
2. Slammengder frå separate slamavskiljarar er utrekna slik:
  - tømming 2. kvart år for eit bustadhus tilknytt, gjennomsnittleg 3 m<sup>3</sup> 2. kvart år eller 1,5 m<sup>3</sup> pr. år pr. separat slamavskiljar.
  - tømming 4. kvart år for ein fritidseigedom tilknytt.
  - TS råslam 3 %, avvatning til ca. 20 % TS, restvolum 15 %.
3. Slammengde frå kommunale større slamavskiljarar 0,3 m<sup>3</sup>/ år og PE.
  - tørrstoff råslam 3 %, avvatna til 20 % TS, restvolum 15 %
4. Ristgods frå silar og finrister
  - mengde i l/p år 35 - 70
  - tørrstoff (TS) i % 8 - 12
  - tørrstoff etter pressing i % 25 - 35
  - mengde etter pressing i l/p.år 15 - 30
  - tømmeffektivitet i følge dimensjoneringskriteria og tilknytingsgrad.

Av ristgodset utgjer ca. 45 % sedimenterbart stoff og flytestoff, ca. 20 % filler og ca. 35 % sand.
5. Slamproduksjon frå høggradige biologiske/kjemiske anlegg utgjer ca. 120 - 200 l pe og år v/ 25 % TS.

Prognose for **framtidige** slammengder:

#### Septikslam

-Råslam frå 22 000 sep.slamavsk., 3% TS	33 000 m <sup>3</sup>
-Råslam frå felles større slamavsk., 3% TS	<u>3 500 m<sup>3</sup></u>
Sum råslam til behandling	36 500 m <sup>3</sup>
Etter avvatning til 20% TS	5 475 m <sup>3</sup>

#### Rist/silgods

-Sum rist/silgods frå 75 000 pers., TS ca. 25-30%	1 250 m <sup>3</sup>
---	----------------------

#### Slam frå høggradige anlegg

-Rindal kjem/biol. ca. 20% TS	300 m <sup>3</sup>
-Ålesund kjemisk ca. 20% TS	<u>3 100 m<sup>3</sup></u>
Sum avvatna 20% TS	3 400 m <sup>3</sup>
Total mengde avvatna slam	10 125 m <sup>3</sup>

Dersom alt slam vert avvatna i den grad som vist ovanfor, vil Ålesund si mengde åleine utgjere ca. 40% av total mengde avvatna slam, eks. sil-/ristgods.

## TILRÅDING OM VAL AV OPPLEGG FOR SLAMBEHANDLING

### Innsamling, transport og avvatning

Det blei konkludert med at mobil slamavvatning var den beste løysinga ut frå ei regional/fylkesdekkande vurdering. Fylket vart delt i 5 samarbeidsregionar, og for 2 av desse (Nordmøre og Romsdal) kom arbeidet omgåande i full gang i regi av NIR og RIR.

I dei andre regionane har oppstartingsprosessen vore langt tyngre, men Ørsta og Volda (VØR), Vanylven, Ålesund og Stranda kommunar kom relativt raskt i gang. I løpet av første halvår av 1995 bør det imidlertid vere muleg for alle kommunane/ regionar å vere i gang med innsamling og avvatning av slam.

Det har i praksis vist seg at det er dei interkommunale selskapa som har vore i stand til å dra i gang arbeidet slik det var føreset i slamplanen. I regionane der det har vore naudsynt med ei frivillig koordinering mellom kommunane, har det til dels vore usemje om kven ein skal samarbeide med og korleis samarbeidet skal organiserast.

### Mellomlagring og kompostering

Det blei tilrådd i første omgang å finne plassar for mellomlagring av slam med rimeleg kjørevastand og å bruke eksisterande fyllplassar, evt. i tillegg å finne plass på jordbruksareal. Krava til kapasitet var sett slik at det burde vere plass til det avvatna slamvolumet i minst 3 år for dei kommunane som skal levere til plassen, og at ein i første omgang ikkje trengde ta stilling til evt. kompostering eller annan slambehandlingsmetode.



### Organisering

Den totale slammengda i fylke tilsvarar kapasiteten av 5 avvatningsbilar i heilårsdrift dersom alle kommunane i samarbeid satsar på denne løysinga. Inndeling i samarbeidande kommunar bør leggest opp slik at eit mobilt avvatningsanlegg har både innlands- og kystkommunar i sin region for å få best muleg utnytting av kapasiteten ved heilårsdrift. Resultatet vart då ei inndeling i 5 regionar.

Den reelle regioninndelinga pr. i dag er noe endra i høve til det opphavlege forslaget - og kanskje ennå ikkje den endelege.

Region 1 omfattar kommunane som er tilslutta NIR + ein del assosierte kommunar, dvs. Sunndal, Surnadal, Tingvoll, Kristiansund, Halså, Frei, Averøy + Tustna, Aure og Smøla.

Region 2 omfattar kommunane som er tilslutta RIR, dvs. Eide, Fræna, Molde, Midsund, Gjemnes og Nesset.

Det er innhenta felles anbod for kommunane Giske, Ålesund, Sula, Ørskog, Stordal, Norddal, Skodje, Haram, Sandøy, Vestnes, Rauma og Aukra. Kommunane Rauma, Haram, Sandøy, Aukra og Ørskog har samla seg om ein entreprenør og utgjer region 3 saman med Vestnes kommune som vel eigen entreprenør.

Dei andre kommunane, Norddal, Stordal, Skodje, Sula og Giske, like så Stranda og Sykkylven har også valt same entreprenør, og vil saman med Ålesund kommune utgjere region 4. Ålesund kommune vil gjennomføre prøvedrift med styrt innblanding av råslam i tilløpsleidningen til RA4.

Region 5 var tenkt å omfatte kommunane Ulstein, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven, Volda, Ørsta. Volda-Ørsta har sett i gang sitt eige opplegg regi av VØR. Vanylven har sett i gang slamtømming for eigen kommune. Dei andre kommunane som utgjer SSR område har vore avventande og vurderer eit evt. samarbeid med VØR.

Det sannsynlege er at SSR- kommunane vel å inngå separate avtalar med ein felles slamentreprenør. Dette vil/bør avklare seg i løpet av 1996.

### 3. GRUNNLAGSDATA

#### 3.1 Slamkjelder, slammengde og slamkvalitet

##### Slamkjelder

Slamkjelder for dagens og den nære framtidens slamproduksjon vil vere

- separate slamavskiljarar - einskild-/fellesanlegg
- kommunale slamavskiljarar - større kommunale fellesanlegg
- separate tette oppsamlingstankar for sanitært avløpsvatn
- sil- og finristanlegg/mekaniske reinseanlegg
- høggradige kommunale reinseanlegg
- feittutskiljarar, separate og kommunale anlegg

##### Slammengder

Opplysningar om slammengder frå slamavskiljarar, mekaniske og høggradige reinseanlegg er dels basert på oppdaterte tal frå kommunane, dels på relativt usikre tal frå del I av Slamplan for Møre og Romsdal.

For dei ulike slamregionane vil dimensjonerande slammengde fram til år 2000 og framtidig bli slik det framgår av tabellsamanstilling i vedlegg 1, tabell 1 og 2. Tabell 1 viser årleg slammengde frå separate og kommunale slamavskiljarar for kvar kommune og for heile fylket. Tabell 2 viser total mengde avløpsslam pr. år for kvar kommune og for kvar slamregion inklusive slam frå silanlegg og høggradige reinseanlegg.

Eit fylkeskart som viser kommunergrenser og "slamregiongrenser" framgår av vedlegg 2.

Råslammengda utgjer på i dag ca. 1000 m<sup>3</sup> pr. år for kvar region og ca. 1500 som avvatna volum ved ca. 20 % TS. Som det framgår av tabell 2 vil slam frå dei høggradige reinseanlegga i Ålesund og Rindal kommunar utgjere ca. 40 % av total slammengde.

Slammengda i mange kommunar er relativt liten, kfr. tabell 1 og 2. Den totale slammengda for fylket er relativt liten og tilsvarar slammengda frå eit høggradig reinseanlegg av middels storleik med ca. 50.000 pe tilknytt.

#### 3.2 Status pr. 1994/1995 for disponering og behandling av slam

Disponering og behandling av kloakkslam i Møre og Romsdal er i oppstartingsfasen og det er et stort sprik i kva grad kommunane/interkommunale selskap har engasjert seg i desse problemstillingane inntil nå.

Etterfølgjande oppsummering for ein del sentrale problemstillingar om deponering og behandling av slam for kvar kommune og aktuelle avfallsselskap framgår av etterfølgjande referat frå ei telefonrunde hausten 1994 og i hovudsak oppjustert pr. 1995.

**Region 1 NIR + assosierte kommunar****Aure kommune**

Avvatna slam blir mellomagra på Vinsternes. Enkel frilandskompostering v/vending og flisinnblanding. Slammet blir brukt som dekkemasse. Lite overskot. Framtidig tenkt brukt v/etablering av nytt plenareal.

**Smøla kommune**

Har hatt tvungen slamtømming sidan 1989. Eigen mottaksplass sidan 1950. Slammet blir lagt på ei gruspute, ca. 30 cm. Lokal kompostering - vending nokre gongar, noko spon blir innblanda. Variabel omsetning - tar tid. Rankane blir noko komprimert av regn. Tak ville vere ein fordel! Noko problem med framandartiklar av plast og gummi. Dette er eit estetisk problem! Slammet bør overdekkast med jord. Eit visst sigevassproblem er registrert. Tenker å bruke slammet til kommunale anlegg.

**Halsa kommune**

De har etablert eigen plass for slammottak i eit tidlegare laguneområde. Var "forsøkskanin" for Surnadal Transportsentral. Store innkjøringsproblem. Reknar ikkje med å kunne omsette slammet kommersielt. Lite behov for jordforbetring (myrjord), kan evt. bli motteke (gratis) for nedpløying som gjødsel. Problem med ikkje nedbrytbare stoff, plast og gummi.

**Tustna kommune**

Mottaksplassen bygd i kombinasjon med ein miljøstasjon. Slamtømming startar i november. Avvatna slam skal leggest på flisseng. Har planlagt lagring i ranke i eitt år, seinare flisinnblanding og kompostering i 3 år. Ikkje planar for bruk av slammet.

**Tingvoll kommune**

Eigen midlertidig plass for kompostering saman med våtorganisk hushaldningsavfall. Framtidig plass under utgreiing (klar neste år?). Komposteringsprosessen skal gi ny jord som kan tilbakeførast for å kompensere for utvasking av husmusstoff i landbruksjord, jorderosjon m.v.

Dei har vurdert mange metodar i innland og utland. Ingen eintydig viktig metode. Behandlingsprosess må tilpassast lokale tilhøve. Først produsere eit ok produkt for bøndene - så vurdere betalt/gratis levering. Har samarbeida med representantar frå bondelaget. Innblanding med husdyrgjødsel gir store restriksjonar i bruk av gjødsel/spreieareal.

**Surnadal kommune**

Mottaksplass i eit grusdelta, slam i ranke - blir langtidslagra. Kanskje kompostering på sikt. Ingen avtale om slamlevering pr. i dag - kun framstøyt mot nokre få gardbrukarar. Kornareal finst, like så jord som treng humustilskot, men det er også gjødseloverskot. Slakteriet har problem med å bli kvitt vomb-avfallet. Må kanskje bearbeide potensielle avtakarar og få til samarbeid. Lite behov for slam i kommunal samanheng. Antar ingen sigevassproblem pga. filtrering gjennom grus til sjø.

**Sunddal kommune**

Startar opp i november. Har bygd ein plass for mottak av avvatna slam. Tenker seg å kompostere slammet. Manglar kunnskap og skolering om dette. Har ingen planar for bruk av kompostert slam, reknar å ha et par år på seg før dette er noko problem. Kjører silslam, ca. 8-10 m<sup>3</sup>/mnd, til Årødalen. Har fått levert etter noko om og men. Ønskjer å ta hand om dette lokalt.

**Kristiansund kommune**

Første gongs tømming ca. desember 1994. Slammet er føresettt køyrt til Frei sitt laganeanlegg i Sødalen. Der driv kommunen komposteringsforsøk med silslam/ristgods - variabelt resultat. Problem med mottak av silslam i Årødalen. Har ikkje planlagt/tenkt noko om bruk av septikslammet - små mengder.

### **Frei kommune**

Kjører avvatna slam til kommunen sin kompostbinge i Sødalen. Det kan vere aktuelt å sanere ein av lagunane for å få større plass for slammottak. Har få/ingen planar om aktiv bruk av slammet. Blir noko brukt på veg - anleggsskråningar. Kan ikkje bruke slammet over alt av estetiske omsyn.

### **Rindal kommune**

Forskrifter ok. Første tømmerunde er ferdig. Kjører råslam til reinseanlegget der det blir avvatna.

## **Region 2 RIR + Aukra**

RIR: Averøy, Fræna, Gjemnes, Molde, Midsund, Eide og Nesset kommunar.

Har bygd opp ein mottaksplass/mellomlager i Årødalen - grus m/flisseng. Kompostering v/innblanding av flis og vending. RIR har ikkje teke mål av seg å omsette slam, men samarbeider gjerne med potensielle avtakarar. Brukar i dag all kompostert slam som dekkmasse på avslutta delar av avfallsfyllinga.

Prioriterer våtorganisk avfall til griseforproduksjon på Vestnes. Ingen plenar om samkompostering våtorganisk avfall/slam.

Romsdal gjenvinning komposterer flis og hestemøkk til jord. Dei vil anskaffe sikteanlegg for fjerning av uønska partiklar og kan vere ein aktuell mottakar av slam/kompost frå RIR.

### **Aukra kommune**

Har valt ein kombinasjon av bruk av vanleg råslambil og mobil avvatningsbil. Avvatning i lagune på eigen fyllplass. Etterbehandling av slam ved kompostering. Har ingen konkrete planar for framtidig bruk av slam.

## **Region 3 Romsdal/Sunnmøre**

### **Rauma kommune**

Forskrifter ok. Arbeidet er i full gang. Mellomlager er etablert på renovasjonsplassen. Ingen spesiell vurdering er utført for bruk av slam. Slam blir brukt som dekkmasse i dag. Mel opp hageavfall og komposterer dette saman med slam. I framtida kanskje samkompostering også med våtorganisk avfall v/kildesortering. Problemstillingane må klarleggast og avgjerast i kommunen sin avfallsplan.

### **Vestnes kommune**

Organisert tømning er sett i gang. Kommunen har valt å vidareføre ordninga med avvatning i lagune i samarbeid med Vestnes Renovasjon.

### **Vestnes Renovasjon**

Tar imot slam frå tømning i Vestnes kommune og tilfeldig tømning i nabokommunane. Har slam-lagune. Det kan vere aktuelt å ta imot avvatna slam frå mobil slamavvatning.

### **Sandøy kommune**

Samarbeider med opplegget i Ålesundsregionen og har inngått kontrakt med entreprenør for mobil avvatning. Dei har ny avfallsplass som vil bli utvida for mottak/kompostering av kloakkslam. Etterbruk er ikkje bestemt - grøntanlegg/vegskråningar - deklarasjon av slamkvalitet? Tvungen slamtømning er innført.



**Ørskog kommune**

Har inngått kontrakt med entreprenør for mobil slamavvatning. Satsar førebels ikkje på nokon eigen plass for slammottak. krev inn avgift for kommunale slamavskiljarar. Har ingen konkrete planar for framtidig bruk av slam.

**Haram kommune**

Forskrifter ok. Har fått konsesjon for mellomlager i Nøsa (midlertidig). Kan bruke slammet som dekkmasse på grovavfalls plass. Har inngått kontrakt med entreprenør for mobil avvatning koordinert med Ålesundsregionen. Ingen planar for framtidig bruk

**Region 4 Sunnmøre****Stordal kommune**

Bygger eit mellomlager våren 1995. Formelle sider ok. Langtidslagring av slam i mellomlager. Produksjon av rein jord som mogleg framtidig prosess. Interkommunal/regional løysing på sikt. Stordal har for lite slam til eige behandlingsopplegg. Har hatt kontakt med forsøksringen. Har inngått kontrakt med entreprenør for mobil slamavvatning koordinert med resten av Ålesundsregionen.

**Norddal kommune**

Har vedteke forskrifter og har gjennomført registreringsarbeidet. Samkompostering med husdyrgjødsel er interessant som framtidig prosess. Har inngått kontrakt med entreprenør for mobil slamavvatning koordinert med resten av Ålesundsregionen.

**Sula kommune**

Forskrifter er vedtekne. Har ingen/ønskjer ikkje å finne nokon plass for mellomlager i kommunen. Har inngått kontrakt med entreprenør for mobil slamavvatning koordinert med resten av Ålesundsregionen.

**Ålesund kommune**

Forskrifter ok. Har tidlegare tømt råslam i "lagune" i Bingsa. Er med på regionsopplegget, men har valt å gjennomføre ei prøveordning med innblanding av septikslam på tilløpsleidningen til RA4. Komposteringsforsøk pågår med slam frå reinseanlegget på Åse. Vekstforsøk i samarbeid med forsøksringen. Parketaten er mottakar av ein del slam. Ingen klare framtidsvyar for bruk av slammet.

**Giske kommune**

Forskrifter ok, normalvedtekter. Lokalt mellomlager, men direkte levering til Bingsa er ønskjeleg. Inngår kontrakt med entreprenør for mobil slamavvatning koordinert med resten av Ålesundsregionen.

**Skodje kommune**

Forskrifter er vedtekne. Ingen permanent plass, evt. kan klare ei mellomløyning for 1. periode. Har inngått kontrakt med entreprenør for mobil slamavvatning koordinert med resten av Ålesundsregionen.

**Stranda kommune**

Har gjennomført 1. tømmerunde. Mellomlager på Kjølen miljøstasjon. Enkel kompostering v/ flistolsetting og vending. Visse visjonar om framtidig bruk til jordforbetring, på nye grøntareal m.v.

**Sykkylven kommune**

Forskriftene er på plass. To alternative plasseringar av eit mellomlager. Har inngått kontrakt med entreprenør for mobil slamavvatning.

**Region 5 VØR + SSR-området****VØR (Volda og Ørsta Reinhaldsverk)**

VØR arbeider med eit reaktorprosjekt basert på anaerob termofil behandling av våtorganisk avfall frå hushaldningar (kjeldesortert), industri m.v, blautgjødsel frå landbruket (overskot?) og slam frå slamavskiljarar. Prosessen gir 2 GWh el-energi frå ein gassmotor/generator, 4 GWh frå overskotsvarme frå prosessen og ca. 13.000 m<sup>3</sup> flytande gjødsel (luktfri). Kombinasjon av spreiring av flytande gjødsel og tørka/brikkert gjødsel er aktuelt. Tussa tar el-energien. Prosjektet har fått støtte frå MD. Endeleg avgjerd ombygging i hausten 95.

**Sande kommune**

Vil bruke tidlegare avfallsplass som slammellomlager - omregulering er på gang. Forskrifter er vedtekne. Mobil slamavvatning er mest aktuell. Ingen planar pr. i dag om tidspunkt for anbod/kontrakt. Ingen planar om framtidig bruk av slammet.

**Herøy kommune**

Ingen ordning pr. i dag. Koordinering med dei andre kommunane i regionen. Lokalt mellomlager vil bli etablert.

**Ulstein kommune**

Ingen ordning pr. i dag. Koordinering med dei andre kommunane i regionen. Lokalt mellomlager vil bli etablert.

**Hareid kommune**

Ingen konkrete tiltak pr. i dag. Koordinering med dei andre kommunane i regionen. Ingen formelle forskriftsvedtak.

**Vanylven kommune**

Tømming i gang. Mellomlagrar slammet. Ranke på flisseng. Brukar slammet som dekkemasse? Plast- og gummiartiklar i slammet eit problem for anna bruk. Kun slam frå Vanylven kommune.

**Konklusjon**

Med unntak av SSR-kommunane i region 5 har alle kommunane i fylket sett i gang ordningar med tvungen slamrenovasjon. Det er imidlertid gjort relativt lite av vurderingar omkring temaet behandling og disponering av kloakkslam i den einskilde kommune.

I dei fleste kommunane blir det gitt utrykk for at ein framleis har 3 år på seg å planlegge naudsynte tiltak i denne samanheng.

**3.3 Administrative og organisatoriske tilhøve**

Administrativt og organisatorisk synest innsamlingsaktiviteten for slam å fungere bra for dei kommunar og selskap som har komme i gang med arbeidet. Det synest å vere ein fordel at interkommunale selskap tek seg av organisering og administrasjon. Det er også ein fordel å velje samarbeid med slam-entreprenørar som driv profesjonelt med slam.

Ein kan rekne med at i samarbeid med ein dyktig slamentreprenør vil slamhandteringa kunne fungere bra også i dei kommunane som vil stå for arbeidet sjølve.

Når det gjeld organisering av behandling og disponering er det få eller ingen som har gode løysingar på plass, spesielt gjeld dette disponering.

I utgangspunktet vil dei interkommunale selskapa og kommunane som driv slaminnsamling i eigen regi også måtte ta seg av behandling og disponering/sal/-avtak av ferdig behandla slam. Det manglar pr. i dag både på kunnskap og utstyr for slambehandling. Dette er imidlertid teknisk orienterte prosessar som kommunen/selskapa bør ha gode føresetnader for å meistre føresett at naudsynte ressursar blir stilt til disposisjon.

Det vil sikkert falle langt vanskelegare å meistre den marknadsfunksjonen som må på plass for å få kartlagt etterspørselen, kvalitetskrav og betalingsvilje for slam. Det synest tvilsamt om dette kan organiserast i regi av kvar einskild kommune. Dei relativ små slammengdene ein har i kvar kommune set klare grenser for kva behandlings- og avsetningsopplegg ein kan gjennomføre. Regionale fellesløysingar ser ut for å vere teknisk og økonomisk fornuftig. Samarbeid med profesjonelle slamentreprenørar kan også vere ei aktuell løysing.

### 3.4 Økonomi

Det ligg pr. i dag ikkje føre tal for faktiske kostnader eller gjennomsnittlege regulativsatsar for heile fylket. Ei samanstilling av regulativsatsar er vist i vedlegg 3. Tala er innhenta ved ei telefonrunde. Kommunane har til dels svært ulike avgiftssatsar og det er vanskeleg å få med alle detaljar.

Det berande prinsipp bak avgiftsfastsettinga er inndecking av sjølvkost for tømmeordninga. Det er verdt å vere merksam på at sjølvkost pr. i dag kun omfattar innsamling/avvatning av slammet. Kostnad for den vidare slamhandteringa vil komme i tillegg.

## 4. RAMMEVILKÅR

### 4.0 Generelt

Vilkår av ulikt slag set rammer for handtering av avløpsslam og slik også for ein fylkesplan for avløps-  
 slam. Rammene er dels av politisk karakter, dels lovbestemt og av forskrifter og rettleiingar som  
 følgjer av desse lovene, kfr. referanselista. Av dei viktigaste rammevilkåra kan nemnast følgjande:

#### Politiske rammevilkår

- \* Forslag til veiledning for utarbeidelse av fylkesvise slamplaner.
- \* Stortingsmelding nr. 44/91 "Om tiltak for reduserte avfallsmengder". Her er følgjande hovudmål for avfallsbehandling (og dermed også slamhandtering) fastlagt slik:  
*"Avfallsproblemane skal løses slik at avfallet blir til mist mulig skade og ulempe for menneske og naturmiljø, samtidig som avfallet og handtering av dette legger minst mulig beslag på samfunnets ressurser".*
- \* SFT sin verksemdsplan for 1994, hovudområde "Avfall og Gjennvinning". Følgjande resultatmål for er sett opp:
  - *SFT/Fylkesmannen skal bidra til at minst 75% av kloakkslammet innan år 2 000 skal brukast til nyttige formål. Like så skal SFT bidra til at slamforskrifta blir implementert av fylket og kommunar.*
  - *Arbeide for at SFT's slamstrategi blir følgt opp av viktige aktørar. Dette er SFT sin eigen kontrollavdeling og industriavdeling, samt kommunar og fylke.*
- \* Retningslinjer til kommunane for utarbeiding av kommunale avfallsplanar.

Ein konsekvens av ovanstående er at det må utarbeidast både fylkesvise slamplanar, kommunale slam-  
 planar og evt. kommunale slambruksplanar.

Dei fylkesvise slamplanane vil bli retningsgjevande for kommunane i samband med utarbeiding av VAR  
 - og arealdelen i kommuneplanen. Denne slamplanen vil også bli eit verktøy for Fylkesmannen si  
 Miljøvernavdeling ved konsesjonsbehandling. Dei kommunale slamplanane skal definere ein langsiktig  
 plan for disponering av slam på grunnlag av lokale behov.

Kommunale slambruksplanar er føresett utarbeidd i kommunane av fagetat/ styresmakt for dei aktuelle  
 bruksområda. Denne plantypen vil vere eit hjelpemiddel for rasjonell og forenkla saksbehandling og som  
 sikrar at ein tek i vare intensjonane i regelverket.

#### Lover

- \* Forurensingsloven.  
 kap. § 26.  
*Kommunen skal sørge for tømning av mindre renseinnretninger som slamavskillere og andre  
 samlekkumner for avslamning av sanitært avløpsvann og overvann. Det samme gjelder for  
 oppsamlingstanker med ubehandlet sanitært avløpsvann. Kommunen skal sørge for tømning  
 av privat i tettbygd strøk i den utsrekning kommunen bestemmer det. Reglene i § 20 om kom-  
 munal avfallsinnsamling og i § 34 om avfallsgebyr får tilsvarende anvendelse ved tømning av  
 slamavskillere, privet mv. Blir sanitært avløpsvann ledet gjennom slamavskiller til rense-  
 anlegg, kan forurensingsmyndighetene kreve slamavskilleren utkoblet.*  
 Kap. 2, § 11, siste avsnitt  
*Når forurensingsmyndigheten avgjør om tillatelse skal gis og fastsette vilkårene etter § 16,  
 skal det legges vekt på de forurensingsmessige ulemper ved tiltaket sammenholdt med de for-  
 deler og ulemper som tiltaket forøvrig vil medføre.*

#### Forskrifter



- \* Forskrift om avløpsslam av 2. januar 1995, kfr. ref. 5. Kopi av forskriftteksten framgår av vedlegg 6.
- \* Forskrift om handel med gjødsel og jordforbedringsmidler m.v gjeldande frå 1.1. 94, sist endra 17.10.94, med endring av 22.05.95 for kvalitetskrteria for gjødsel og jordforbedringsmidler basert på organisk avfall.
- \* Forskrift om internkontroll av 22. mars 1991.

### Rettleingar

- \* Veiledning for prøvetaking av slam, SFT 95:10.
- \* Behandling av saker om tillatelse til bruk av avløpsslam, Statens helsetilsyn.
- \* Veiledning for prøvetaking og bestemmelse av tungmetaller i jord fra dyrket mark.

### Prosjektrapportar

NORVAR har utarbeidd tre prosjektrapportar om avløpsslam:

- \* Slambehandling, rapport 51/1995.
- \* Bruk av slam i jordbruket, rapport 52/1995.
- \* Bruk av slam på grøntareal, rapport 53/1995.

Desse rapportane har ingen formell status som rammevilkår, men dei faglege vurderingane som ligg til grunn for rapportane blir gjerne sett på som retningsgjevande for arbeidet med slam.

Om slamforskrifta og rettleiarane for bruk av slam viser ein til meir utfyllande kommentar under pkt. 4.1 og 4.2. For prosjektrapportane frå NORVAR viser ein til pkt. 6.1 - 6.3.

#### 4.1 Forskrift om avløpsslam

Forskrifta er gitt med heimel i kommunehelsetjenesteloven og forurensingsloven og erstattar SFT sine retningsliner av 1982 for lagring og disponering av kloakkslam, like så Statens helsetilsyns hygieniske vurdering av kloakkslam frå 1976.

Formelt sett er avløpsslam eit avfallsprodukt og ulike tilhøve omkring slamhandtering er regulert ved forskrifter knytt opp mot kapittel 5 "om avfall" i forureiningslova.

Forskrifra er relativt generell i sin form og detaljering og slik sett ulik det høyringsutkast vi har sett tidlegare. Formålet med forskrifta er å førebygge forureiningsmessige, helsemessige og hygieniske (og jordbruksfaglege) ulemper ved disponering av slam og legge til rette for at slam kan brukast som ein ressurs. Alle som brukar slam må vise aktsemd for å unngå at slam fører til skade eller ulempe.

Slamforskrifta omfattar alle typar slam frå avløpsreinseanlegg, septiktankar, slamavskiljarar av ulike typar og oppsamlingstankar for ubehandla-sanitært avløpsvatn, men ikkje slam frå rist og sandfang.

Det er sett som vilkår i forskrifta at den som disponerer slam plikter å føre internkontroll i samsvar med forskrift om internkontroll, kfr. pkt 4.4.

Med **disponering** av slam meiner ein **bruk, mellomlagring og deponering.**

**Bruk av slam** er definert som anvendelse og spreining av slam på jordbruksareal, på grøntareal, som ingrediens i jordforbetningsmiddel, dyrkingsmedium og som del av andre produkt, samt lokal lagring.

**Mellomlagring av slam** er definert som oppbevaring av større kvanta slam i sentral eining.

**Deponering av slam** er definert som permanent oppbevaring av større kvanta slam i sentral eining.

**Hygienisering og stabilisering** er også sentrale tema ved disponering av slam.

Med **hygienisering av slam** meiner ein slambehandling som har som hovudmål å redusere faren for overføring av smittestoff til plantar, dyr og menneske.

Med **stabilisering av slam** meiner ein behandling av slam som har som hovudmål å redusere luktulepene.

Det er kommunen som gir løyve til bruk av slam, mens fylkesmannen gir løyve til mellomlagring og deponering. Den som gir løyve må spesielt vurdere fare for forureining av drikkevatt både ved lokal lagring, spreiding, mellomlagring og deponering, like så ulempe/skade for andre brukarinteresser. Søknad om løyve må vurderast ut frå forureiningsmessige, jordbruksfaglege, helsemessige og hygieniske kriteria. Det kan også settast vilkår for transport av slam.

Det skal følgje ein forskriftsdefinert innhaldsdeklarasjon frå slamprodusenten/leverandøren med alle bruks-leveransar av slam. Slamanalyse skal utførast ved godkjent laboratorium.

Alt slam som skal gå til bruk skal vere stabilisert og hygienisert, og tungmetallinnhaldet å ikkje overskride nærare angitte grenser for aktuelle spreingsareal. For jordbruksareal er det også sett krav til maksimalverdiar for tungmetallinnhald i jorda før slam blir spreidd.

Maksimal slammengde som kan brukast i jordbruket er 2 tonn tørrstoff pr. da. pr. 10 års periode. Slam må ikkje spreiest i eng eller der det blir dyrka grønnsaker, bær eller frukt og det må ha gått minst 3 år frå siste spreiding på jordbruksareal før det kan nyttast til dette. Slam må heller ikkje brukast i gartneri.

I private hagar, parkar, leikeareal o.l må slam bare brukast som ein del av eit dyrkingsmedium og det gjeld same krav til brukskvalitet for dette som for ublanda slam. På grøntareal kan det utleggast inntil 5 cm slam som skal blandast inn i jorda på bruksstaden. På avfallsfyllingar kan det maksimalt leggest ut eit dekkjikt på 15 cm.

Slamprodusent/leverandør skal føre register over produsert mengde, korleis denne er disponert, slam-samansetning, namn, adresse og mottaksvolum på alle mottakarar. Slamprodusenten /leverandøren skal årleg sende opplysningar om dette til kommunen der anlegget er stasjonert, like så til kommunen der mottakaren er stasjonert. Kommunane pliktast å oppbevare registeropplysningane i minst 10 år.

#### 4.2 Rettleiingar for bruk av slam

Det er som tidlegare nemnt tre sentrale rettleiarar som definerer prosedyrar i samband med bruk av slam. Dette gjeld publikasjonane *Behandling av saker om tillatelse til bruk av avløpsslam*, *Veiledning for prøvetaking av slam* og *Veiledning for prøvetaking og bestemmelse av tungmetaller i jord fra dyrket mark*.

Det skal ligge føre formell godkjenning før slam kan brukast. I rettleiaren *Behandling av saker om tillatelse til bruk av avløpsslam* er det skjema for sjølve søknaden og prosedyre for den kommunale saksbehandlninga av søknader, like så er kommunane sitt tilsyn og sanksjonsmynde definert. Godkjenningssmynde er tillagt kommunestyret, men myndet kan delegerast til t.d. den kommunale helsetenesta. Kommunelegen, den kommunale bygningsetaten og landbruksetaten skal involverast i sakshandsaminga.

Det er gitt opningar for at kommunen i spesielle høve kan gje unntak frå forskriftene om stabilisering, hygienisering og bruk av slam. Som eksempel på unntakstilhøve er nemnt: Svært liten slamproduksjon, lang transport, øykommunar med lite hensiktsmessige transportordningar eller kombinasjonar av desse.

Søknaden bør utformast av slamprodusent og brukaren i fellesskap. Slamkvaliteten skal vere dokumentert med faktaopplysningar frå eit akkreditert laboratorium (frå 1.7.96). Grunnlaget for desse faktaopplysningane skal vere slamprøver innsamla av slamprodusenten i samsvar med regelverket i Veiledning for prøvetaking av slam. I tillegg skal brukaren fått analysert jordsmonnet i samsvar med regelverket i Veiledning for prøvetaking og bestemmelse av tungmetaller i jord fra dyrket mark.

På grunnlag av ovannemnde opplysningar og i samråd med aktuelle kommunale etatar kan så kommunen ta avgjerd på om bruk av avløpsslam kan godkjennast på det omsøkte arealet.

SFT har på førespurnad presisert i brevs form at den beskrivne prøvetakingsfrekvens og prøvetakingsprosedyre i Veileder for uttak av prøver til analyse av tungmetallinnhald/næringssalt og for bakteriologiske analyse gjeld fullt ut. For den hygieniske kvaliteten på slam tilrår SFT elles at det blir etablert prosessorientert driftskontroll av hygieniseringstrinnet og at uttak av prøver er eit supplement til driftskontrollen.

Analysar, spesielt med omsyn til innhaldsdeklarasjonen, skal frå 1.7.96 vere utført av akkreditert laboratorium.

#### **4.3 Prosjektrapportar om slam**

Desse prosjektrapportane er nærare omtala under avsnitt 6.1 - 6.3.

#### **4.4 Forskrift om internkontroll**

Forskrifta gir bestemmelsar om at den som er ansvarleg for verksemda pliktar å sørge for systematisk oppfølging av gjeldande krav fastsett i arbeidsmiljøloven, forurensingsloven, produktkontrollloven m.fl og skal fremme arbeidsmiljøet, verne mot helse- og miljøskader frå ulike produkt og verne det ytre miljø mot forureining. Dette skal skje ved at den som er ansvarleg for verksemda, organiserer systematiske tiltak for å sørge for at krav fastsett i eller medhald av lov eller forskrift blir overhalde.

I forskriftssamanheng betyr internkontroll å påsjå at krav fastsett i eller medhald av lov eller forskrift blir overhaldne.

For å oppnå dette må den som er ansvarleg for verksemda etablere eit internkontrollsystem for verksemda sine aktivitetar i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av dei lover som er nemnt i §2. Internkontrollsystemet er ei samlenemning på dei systematiske tiltak som må til for å sikre og dokumentere at aktivitetane blir utøvd i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

## 5 Mål

Forslag til målsetjing er drøfta i styringsgruppa og omformulert slik:

1. Minst 75 % av innsamla og behandla kloakkslam skal innan år 2000 brukast som jordforbetring og gjødsel med jordbruket som viktigaste avtakar. Bruk av kloakkslam som toppdekke for grøntareal på anleggsplassar er også å rekne som god ressursutnytting. På lengre sikt skal målet vere å nå 90 % utnytting av slammet.
2. Innhald av miljøgifter og patogenar skal ikkje overskride nasjonale normer. Plast, gummi- artiklar m.v. skal ikkje finnast i slam som skal brukast. Slam skal vere av ein slik kvalitet at det både helsemessig og estetisk kan brukast som ein positiv ressurs på jordbruks- og grønt areal.
3. Samla tilførsel av miljøgifter skal på lengre sikt ikkje føre til auke i innhaldet i jorda.
4. De er eit mål å gjere den del av slammet som ikkje kan utnyttast som ressurs minst mogeleg , og det bør bare vere slam som av ulike årsaker ikkje kan tilfredsstille krav til godkjenning etter slamforskrifta ein kan akseptere å deponere i fylling eller brenne. Denne slamfraksjonen vil ved deponering måtte reknast som spesialavfall og skal behandlast i samsvar med behandlingskrava for slikt avfall.



## 6 GENERELT OM DISPONERING AV SLAM

### 6.0 Karakterisering av slam

Det er i utgangspunktet stor kvalitetsskilnad på avvatna slam frå dei ulike grupper av slamproducentar: Høggradige reinseanlegg (kjemiske og biologiske), mekaniske anlegg (rist og silanlegg), slamavskiljarar (kommunale og separate), og feittavskiljarar. Slammet som er produsert i desse anleggstypane er ulike når det gjeld visuell/fysisk karakter, hygieniske, kjemiske og biologiske eigenskapar.

#### Visuell/fysiske karakteristika

##### Slam frå høggradige reinseanlegg

- Ser homogent og relativt bra ut, er vanleg vis fritt for framandelement pga. den prosessen det har gjennomgått i reinseanlegget. Slammet kan lagrast i ca. 1,5 m høge haugar utan å flyte ut over.

##### Slam frå rist/silanlegg

- Slammet/ristgodset verkar mindre tiltalende, ligg gjerne i klumpar pga. pressing og lang opphaldstid i transportskruen mellom silen og slamkontaineren. Ristgodset utgjør storparten av søppelet i kloakkvatnet og inneheld fiberrestar, filler, sand, gummi og plastartiklar, bleiar og bindrestar. Slammet kan lagrast i haugar utan å flyte utover.

##### Slam frå separate anlegg og større felles slamavskiljarar

- Ser relativt homogent og bra ut, men inneheld ofte framandelement av gummi, plast, bleiar, tøymfiller, sanitetsbind m.v. Slammet kan lagrast i haugar i ca. 1 m høgde utan å flyte utover.

##### Slam frå feittavskiljarar

- Slammet ser mindre tiltalende ut og kan innehalde framandelement som flyt på toppen av kloakkvatnet i lag med feitet. Slammet har ein tendens til å ville flyte utover ved lagring i haugar. Det er store luktproblem forbunde med tømmeprosessen og slammet må ha ei viss minimumsbehandling på mottaksplassen for ikkje å skape luktproblem.

#### Hygieniske eigenskapar

Den hygieniske karakter er stort sett felles for dei fleste slamtypane. Med dette meiner vi innhaldet av sjukdomsframkallande mikroorganismar og parasittar. Innhaldet samsvarar med mengde smittestoff i det avløpsvatnet som produserer slammet. Bakteriær, virus og parasittar frå sjuke menneske vil ein finne igjen i slammet. Desse organismane kan spreie smitte mellom folk. Ved spreining av slam direkte på jord og skogbruksareal kan smitten overførast t.d. ved

- direkte kontakt med slam
- transport (søl langs vegar, slam på bil- og traktorhjul.)
- dyr (sauer, kyr, hundar osv.)
- fuglar (måsar - drikkevatt)
- avrenning til drikkevasskjelder

Det er mykje fokusert på slammet sine eigenskap som gjødsel, men ein gløymer ofte ein av hovudskilnadene mellom husdyrgjødsel og slam. Denne kan grovt sagt seiast å vere:

- slam kan spreie smitte til andre menneske
- husdyrgjødsel spreier ingen smitte mellom menneske og lite smitte frå dyr til menneske.

Mengde bakteriar i slammet er svært høgt, opp mot følgjande tal pr. gram:

- termostabile koliforme bakteriar	10.000 -	100.000
- streptokokkar	1.000 -	10.000
- salmonella	0 -	100

Strengt krav til spreiding av slam kan forståast når krava til desse bakteriane i drikkevatt er 0!

### **Kjemiske eigenskapar**

I denne samanheng tenker ein oftast på slammet sitt innhald av

- tungmetall
- nitrogen, fosfor, kalium
- organiske miljøgifter

Når det gjeld innhald av desse kjemiske bindingstypene kan det vere stor skilnad mellom ulike slamtypar ut frå kjeldene til avløpsvatnet/slammet. Ein finn vanleg vis lite tungmetall i slam frå ein slamavskiljar for eit bustadhus i høve til slam frå eit høggradig kjemisk reinseanlegg for ein by med tilknytning av industriavløp, overflatevatn m.v. Dette har også samanheng med mengde og type partiklar ein tek ut av avløpsvatn ved høggradig reinsing. Dei kjemiske bindingane finst i større konsentrasjon i den organiske del av slammet enn i sjølve avløpssøppelet - slammet som i stor grad består av papir, filler, sand, plast/gummirestar m.v.

### **Tungmetall**

Årsaka til den sterke fokusering på tungmetall er frykt for skadeverknader på plantar, dyr og menneske. Vi kan liste opp følgjande:

- Kadmium, (kvikksølv) - skadeleg for dyr og menneske
- Nikkel - kan gi allergi
- Koppar - kan i for skade sauer
- Sink - kan skade planteveksten
- Mangan - kan i høge konsentrasjonar skade plantevekst, sjeldan giftig for dyr og menneske

Det må likevel understrekast at fleire metall er livsnødvendige, og at det stundom også førekjem mangel på metall.

Det finst ingen metodar til å redusere innhaldet av tungmetallet i slammet etter at dette er produsert. Skal innhaldet reduserast må ein ta fatt i kjeldene for tungmetallutsleppa - dvs. industri, overflatevatn osv.

Einaste måten å unngå skade ved bruk av slam, er å fortynne konsentrasjonen, og ved å bruke slam berre der tungmetall ikkje kan medføre skade. Med fortynning meiner vi bruk av avgrensa slammengde pr. arealeining.

I retningsliner frå SFT er det fastlagt grenseverdier for tungmetallinnhaldet.

Mesteparten av slammet i fylket vil komme frå slamavskiljarar frå bustadhus. Ut frå mange undersøkingar av denne type slam kan vi kan slå fast at tungmetallet i dette slammet vil komme til å vere langt under grensene i dagens retningsliner. Det same vil gjelde for sil-/ristgods.

Dei slamtypene som det er grunn til å vere merksam på når det gjeld tungmetall, er:

- slam frå høggradige reinseanlegg for byar og tettstader
- slam frå felles slamavskiljarar for tettstader med industri og større slamavskiljarar for industri område.

### **Nitrogen, fosfor og kalium**

Ein kan sjå bindingar av desse grunnstoffa som viktige nærings salt med positive eigenskapar pga.

gjødselverknad, eksempelvis ved bruk i jordbruket. Kloakkslam inneheld store mengder fosfor og nitrogen og er slik god gjødsel. I tillegg har slammet ein jordforbetrande effekt pga. høgt innhald av organisk stoff - 80-90 volum-%.

Gjødseffekten vil vere klart størst for slam frå separate og kommunale slamavskiljar og høggradige reinseanlegg. Tørrstoffet i slam/ristgods frå silanlegg inneheld vanlegvis mindre enn 20 % organisk stoff, dvs. mindre enn 25 % av tilsvarande for vanleg kloakkslam. Dette gjer at sil/ristslammet har liten gjødselverdi.

Ein må også vere merksam på dei negative verknader desse stoffa kan ha ved utvasking og tilførsel av nitrogen og fosfor til vassdrag og sjø. Slik utvasking kan ein få ved uvettig spreieing, lagring og deponering.

### **Organiske miljøgifter.**

Ein tenker i denne samanheng på ulike organiske bindingar som inneheld stoff som brom, jod, fluor, PVC, dioksin m.fl.

Som for tungmetall er faren for at avløpsvatnet, og dermed kloakkslammet skal innehalde desse miljøgiftene, relativt liten for separate avløp og kommunalt avløpsnett i dei mindre by/tettstadsamfunn vi har i Møre og Romsdal. Vi reknar ikkje med at det finst denne typen miljøgifter i Møre og Romsdal i slike konsentrasjonar at det pr. dag vil utgjere noe problem.

## **6.1 Generelle krav til slam**

Som det framgår av pkt. 4.1 er det i den nye slamforskrifta sett ulike kvalitetskrav til kloakkslam for alternative disponeringsformer.

Krava er sett for å styre bruken av kloakkslam til område der dei positive ressurs-eigenskapane til slammet kan utnyttast, samstundes som ein vil styre unna dei skadeverknader som bruk av denne ressursen kan føre med seg.

Alt slam som skal nyttast skal vere deklarerert, slik at brukarane veit kva stoff som vert tilført jorda. Samtidig skal det dokumenterast at innhaldet av sjukdomsframkallande mikroorganismar, tungmetall og stoff som kan produsere lukt er på eit nivå som ikkje utgjier nokon fare for brukaren.

Det er den einskilde kommune der slammet skal brukast som skal gi godkjenning for bruk av slammet på bakgrunn av den deklarasjonen som ligg føre. Statens helsetilsyn har gitt ut ein rettleiar for behandling av søknader om løyve til bruk av avløpsslam, kfr. pkt. 4.2. Før det blir gitt løyve til bruk av avløpsslam, skal forureiningsmessige, helsemessige, landbruksfaglege og hygieniske tilhøve vere tilfredsstillande ivareteke.

Det er kommunestyret som gjennom forskrifta er gitt godkjenningsmynde, men denne vil nok i dei fleste tilfelle bli delegert til den kommunale helsetenesta. Kommunelegen vil bli sentral i dette . Det kommunale bygningsvesenet og landbrukskontoret vil også måtte bli involvert i saksbehandlninga.

Mange har motførestillingar mot bruk av slam generelt. Dette kan ha fleire årsaker, dels med bakgrunn i den kvalitet, form, hygiene og lukt dette slammet har, dels den psykiske faktoren med bakgrunn i slammet sitt opphav.

Uansett kor mykje innsikt og kunnskap fagfolk kan skaffe om slam og politisk målsetting om at minst 75 % av slammet skal utnyttast som ressurs med jordbruket som viktigaste avtakar, vil bruk av slam til slutt vere avhengig av dei potensielle kundane lar seg overbevise ut frå økonomiske, praktiske eller haldningsmessige årsaker til å bruke denne ressursen.

Ved etablering/oppussing av vegetasjonsdekke på grøntareal, vegskrånningar, masseuttak og industriområde er ferdig handsama slam ein positiv ressurs både for kommunane og Statens vegvesen. Men ein skal vere varsam med å nytte slam på areal med mykje menneskeleg aktivitet som leikeareal og idrettsanlegg.

Kvalitetskrav til slam som vert nytta til toppdekke på fylling, er avhengig av seinare arealbruk for fyllinga. Dersom arealet t.d. skal nyttast til jordbruksformål skal slammet tilfredsstillende krav til slam nytta på jordbruksareal.

Ein bør også ha klart for seg at det er ei estetisk eller visuell side ved bruk av slam på ulike arealtypar. Ubehandla kloakkslam vil ofte innehalde ein god del framandelement. Spreiing av slam som inneheld lite estetisk tiltalende framandelement vil på sikt kunne bli negativt for bruk av slam som ressurs. Ingen vil akseptere at plast og bindrestar, gummiartiklar mv. skal ligge i overflata. Det viser seg at desse delane ved dårleg innblanding/nedmolding blir reinvaska av regn og blir liggande i overflata godt synlege.

Det er også uheldig at slammet inneheld store mengder trefiber, flisrestar m.v. frå kompostering. Flisrestar går seint i oppløysing. Dette vil sette krav til slutt-behandling av slammet. Slam som skal brukast, bør i størst muleg grad vere reint og fritt for desse framandelementa.

Av grunnar som nemnt ovanfor bør ein komme fram til ein minimumsstandard som skal gjelde for alt slam som blir bydd fram for utdeling eller kjøp.

Ein bør også ta omsyn til at det ymse stader kan vere vanskeleg å spreie slam utan motorisert reiskap. Det ville vere ein stor fordel sett ut frå marknaden om slam kunne bli tilgjengeleg i tørka og brikketert form.

Slam som vert deponert, er ei forureiningskjelde for omgjevnadene. Ferdighandsama slam kan for fleire område heilt eller delvis erstatte handelsgjødsel og utgjer slik ein positiv ressurs. Det vert brukt store mengder energi på tilverknad og transport av handelsgjødsel for bruk i landbruket. Sett frå ressursforureinings- og samfunnsøkonomiske utgangspunkt bør difor slam tilbake til næringsstoff-kretsløpet.

## 6.2 Slam for bruk i jordbruket

Vi viser forskrift om avløpsslam, forskrift om handel med gjødsel og jordforbetningsmiddel og til prosjektrapport nr. 52/1995 frå NORVAR, kfr. pkt. 4.3.

Slam i jordbruket er spesielt anbefalt brukt på areal med korn, oljevekstar, grøntforvekstar og ved gjenlegg av eng. I Møre og Romsdal er areal med korn og oljevekstar relativt lite og bruk av slam må derfor i hovudsak skje på grøntforareal og ved gjenlegg av eng. Innanfor desse areala er det slammet sin verdi som **gjødsel** og **jordforbetningsmiddel** som er interessant.

Ein må vere merksam på at for svært mange gardsbruk med husdyrhald er det ikkje rom for å ta imot organisk næring utanfrå då mange gardsbruk alt har problem med nok spreieareal for eigen husdyrgjødsel.

### Krav til slamkvalitet

Regelverket set relativt strenge kvalitetskrav til slam som kan brukast i jordbruket, særleg med omsyn til hygiene, tungmetall og internkontrollsystem. I tillegg set landbruket sjølv strenge kvalitetskrav. Landbruket har som konkurransestrategi å fokusere på at kvalitet av innsatsvarene i primærmatvareproduksjonen har stor betydning for kvalitet og tryggleik av produkta vidare i foredlings-/næringskjeda.



### Slam som gjødsel

Med tanke på gjødsleffekt av slammet er ein mest interessert i slam med høgt innhald av lett oppløyselig nitrogen, fosfor - og gjerne kalk og ein bør da velje behandlingsmåtar som gir godt resultat sett ut frå dette.

For betring av plantevekst er det plantenæringsstoffa Nitrogen (N), Fosfor (P) og Kalium (K) som er dei mest interessante. Plantenæringsverdiane i kloakkslam er vanlegvis av følgjande storleik: N: 15-35 kg/t, P: 10-40 kg/t og K: 1 kg/t alt TS. Dei mengder av plantenæringsstoff ein har behov for i jorda er av følgjande storleik: N: 100-300 kg/ha, P: 10-20 kg/ha og K: 60-80 kg/ha.

Når ein tenker tilbake på maks. mengde tilført slam i følgje slamforskrifta, inntil 2 tonn TS/10 års periode, ser ein at det er fosformengda og ikkje nitrogen som vanlegvis bergensar slambruken i landbrukssamanheng.

Det kan vere stor variasjon i næringsstoff-innhald i ulike produkt, kfr. underståande samanstilling som viser forholdstal mellom nitrogen, fosfor og kalium.

1. Kulturplantane:	N:P:K = 100:20:70
2. Fullgjødsel:	N:P:K = 100:19:48
3. Storfegjødsel:	N:P:K = 100:40:175
4. Avløpsvatn:	N:P:K = 100:10:45
5. Avvatna råslam:	N:P:K = 100:53:7
6. Utrotna avvatna slam	N:P:K = 100:78:11

I utgangspunktet skulle næringsinnhaldet i avløpsvatnet tilseier at det ville bli eit godt gjødselråstoff, men noko skjer i behandlinga som gjer slammet mindre tilpassa plantane sitt behov. I råslammet er det relative innhald av fosfor auka betydeleg og innhald av kalium betydeleg redusert i forhold til det ein kunne ønske. I høve til behov av næringsstoff i gjødsel gir råslammet ved 100 % fosfordekning kun 40 % nitrogendekning og bare 4 % dekning av kaliumbehovet.

I utgangspunktet kan ein seie at kvar person kvart døgn leverer 130 l avløpsvatn og dette inneheld 70 g organisk stoff, 1,7 g fosfor og 12 g nitrogen. For heile Møre og Romsdal og summert over året utgjer dette ca. 6 000 tonn organisk stoff ca. 150 tonn fosfor og ca. 1000 tonn nitrogen. Målt i verdi som handelsgjødsel og med same opptaksevne utgjer dette ein ekvivalent gjødselverdi av ca. 20 mill. kroner pr. år.

Eksempel på vurdering av gjødselverdi ved dyrking av korn.

	N	P	K
Gjødselbehov kg. pr daa	1	2	7
Tilgjengeleg i kloakkslam	0	2	3
	6	4 *)	
Tilleggsgjødsling	4	?	4

\*) usikkert i kva grad plantane tek opp fosfor frå slam

Dersom ein skal dekke gjødselbehovet åleine med handelsgjødsel vil dette koste ca. kr. 110 pr. daa. Tilleggsgjødsel ved bruk av slam vil tilsvarande koste ca. kr. 45 pr. daa. Dette tilseier at verdien av slammet som gjødsel ved korndyrking kan settast til ca. kr. 65 pr. daa.

1 tonn (ca. 1 m<sup>3</sup>) kloakkslam med 30 % TS inneheld vanlegvis 6 kg N, 4 kg P, 0,5 kg K og ca 300 kg organisk stoff.

Samla slammengde i Møre og Romsdal er ca. 9 100 m<sup>3</sup> ved 20 % TS. Totalt innhald av plantenæringsstoff blir ca. 42 000 kg N, ca. 24 000 P og ca. 3 000 kg K, dessutan ca. 1 800 000 kg organisk stoff.

Dersom ein reknar at reelt opptak av næringsstoff (nitrogen) er 50 % av tilgjengeleg i høve til kunstgjødsel, blir ekvivalent verdi av kloakkslam ved ein kunstgjødselpris av kr 10 pr kg ca. kr.  $10 \times 42\,000 \times 0,5 = \text{kr } 210\,000,-$ . Gjødselverdi av avvatna kloakkslam vil etter dette vere ca.  $\text{kr. } 210\,000/9\,200 = \text{kr. } 23 \text{ pr m}^3$ .

Det kan også nemnast at slammet frå det høggradige reinseanlegget i Ålesund har ein langt høgare verdi pga høgt kalkinnhald som gir auka pH i jorda. Sunnmøre Forsøksring har vurdert ekvivalent pris på dette slammet til ca. kr. 150 pr.  $\text{m}^3$  v/ 20 % TS. Slamproduksjoen vil på sikt bli ca.  $3\,100 \text{ m}^3/\text{år}$  og den ekvivalente gjødselverdien vil bli ca. kr. 450 000. I ovanstående reknestykke er det ikkje teke omsyn til denne meirverdien.

Gjødsleffekten er mest interessant ved gjenlegg av eng for god gjenvekst ved første avling.

### **Slam som jordforbetningsmiddel**

Når det gjeld jordforbetningseffekten vil ein ha slam med høgt innhald av organisk materiale og bør da prioritere behandlingsmåtar som tilfredsstillar dette ønsket.

Verdien av det organiske innhaldet i slammet er vanskeleg å fastsette. For areal med humusunderskot, kan verdien som jordforbetningsmiddel vere langt høgare enn gjødselverdien.

Dei jordbruksareala som er mest aktuelle for bruk av slam, er areal med hovudsakleg mineraljord. Dette er t.d. elvesletter og flygesandjord med lite organisk materiale, bakkeplaneringsareal og vinderosjonsutsette areal.

Slam er også svært gunstig i blanding med skrinn jord som særleg finst i kystdistrikta. Jordforbetningseffekten er også interessant for areal der det blir dyrka korn.

### **Plan for bruk av slam**

Gjødsling med slam åleine eller i kombinasjon med handelsgjødsel bør planleggast år for år, gjerne ved hjelp av eit EDB-basert gjødselprogram. Mengde og gjødselverdi av slammet blir lagt inn i programmet og ein får rekna ut naudsynt tilleggsgjødsling. Det blir teke omsyn til etterverknad av slamgjødsling dei påfølgjande år. Alle bruk som mottek tilskott vil får krav om å utarbeide ein gjødsel- og vekstskifteplan. I denne samanheng vil bruk av slam som gjødsel og/eller jordforbetning kunne vurderast og innarbeidast i samarbeid med landbruksetaten i den einskilde kommune.

### **Distribusjon og spreining av slam**

Ein bør legge til grunn at slamprodusenten skal sørge for transport av slammet fram til lokal lagringsplass på brukarstaden. Gardbrukaren vil sjølv måtte stå for den vidare spreining av lammet.

Det mest aktuelle spreieutstyret er spreiar for fast husdyrgjødsel, evt. kalkvogn. I dag er så godt som all husdyrgjødselbruk i Møre og Romsdal basert på blautgjødsel og utstyr for fast gjødsel er vanskeleg tilgjengeleg. Ei kalkvogn finst som regel tilgjengeleg i alle landbruksmiljø, men spreieutstyr for fast gjødsel/slam må gjerast tilgjengeleg, evt. av slamleverandøren.

Utstyret må gi god og jamn spreining av slammet, Dette er viktig for å få jamn vekst for plantane.

Vidare er det krav om at den einskilde gardbrukar skal ha etablert eit internkontrollsystem som kan sikre oppfylling av krava etter slamforskrifta og tilhøyrande rettleiingar.

### **Løyve til bruk av slam**

Det er kommunestyret eller den det gjev fullmakt som skal godkjenne bruk av slam på denne type areal, kfr. pkt 4.3 og 4.4. Jordbruksareal er areal som etter økonomisk kartverks klassifikasjonssystem kan klassifiserast som fulldyrka jord.

For bruk i jordbruket er krava slik:

- Det er den kommune der bruken av slammet skal skje som kan godkjenne bruk av slam til i medhald av denne forskrifta. Løyve til bruk kan gjevast som einskildløyve for kvar leveranse på grunnlag av den slamdeklarasjon frå akkreditert laboratorium slamprodusenten kan legge fram.
- Dersom brukaren har utarbeidd ein slambruksplan for spreiearealet kan det på gjevast løyve for ein periode for inntil 10 år om gangen. Slambruksplanen kan omfatte leveranse frå fleire slam produsentar og gjelde over større område. Brukaren må føre oversikt over mengder og areal der slammet faktisk er spreidd.
- Alt slam skal vere hygienisert og stabilisert.
- Bruk av slam bør inngå i ein gjødselplan og vekstskifteplan for gardsbruk som tek inn slam.
- Maks. tillaten slammengde til dette bruket er 2 tonn tørr stoff pr. dekar pr. 10-års periode. På moldfattig leirjord kan det, etter særskilt vurdering, gjevast løyve til inntil 3 tonn slamtørrstoff pr. dekar pr. 10-årsperiode. (husdyrgjødsel kan nyttast i åra mellom).
- Slam som skal nyttast til jorbruksformål skal ha eit tørrstoffinnhald på min. 20 % og det skal stabiliserast og hygieniserast (frå 1.1.1998, fram til den dato skal slammet mellomlagrast i min. 6 mnd., 2 av desse skal vere sommar-månader). Tørrstoffinnhaldet kan tilpassast aktuelt utstyr for distribusjon , spreing og evt. bruk av lokalt mellomlager..
- Slam skal ikkje spreiest på eng eller beite, og ikkje nyttast på areal der det er vanleg å dyrke grønnsaker, poteter, bær eller frukt, eller på areal som skal nyttast til slikt formål før det er gått 3 år etter siste tilførsel av slam.
- Slam skal ikkje spreiest på snødekt eller frosen mark og ikkje i perioden 1. november til 15. februar. Etter spreing skal slam moldast ned ved pløying eller harving så snart som muleg, og seinast 2 dagar etter spreing.
- Det er strenge maksimalgrenser for innhald av tungmetall i slam som skal brukast i jordbruket, og det skal dokumenterast at tungmetallinnhaldet i jorda ligg under gitte maksimalverdiar før slam kan spreiest.

### 6.3 Slam for bruk på grøntareal

Vi viser forskrift om avløpsslam, forskrift om handel med gjødsel og jordforbetningsmiddel og til prosjektrapport nr. 53/1995 frå NORVAR, kfr. pkt. 4.3.

Det er eit politisk mål at minst 75 % av slammet skal utnyttast som ressurs med jordbruket som viktigaste avtakar. For mange kystfylke er potensialet for bruk av slammet til jordbruksformål langt mindre enn i kornarealrike fylke i Trøndelag og på Austlandet. Det må reknast med at bruk av slam på grøntareal blir svært viktig i disponering av slam i desse fylka.

Grøntareal er definert som areal der det er eller skal etablerast eit vegetasjonsdekke, men der det ikkje skal produserast vekstar for matforsyning. Det omfattar eit breitt spekter av bruksområde som kan inn- delast slik: Byggetomter, trafikkområde, friområde, spesialområde, sportsareal og private hagar.

**Kvalitetskrav til slammet**

Behov for gjødsel og jordforbetring på desse areala kan vere svært ulik. På ein del areal ønskjer ein å halde veksten svak med lite behov for vedlikehald, andre stader er det omvendt. Bruk av slam må derfor tilpassast jordsmonn og tilhøva elles på staden.

Kvalitetskrav til slam som blir nytta til toppdekke på fylling, er avhengig av seinare arealbruk for fyllinga. Dersom arealet t.d skal nyttast til jordbruksformål, skal slammet tilfredsstillende krav til slam nytta på jordbruksareal

Alt slam skal vere stabilisert og hygienisert. Vidare er prinsippet for bruk av ublanda slam at det skal blandast (fresast) inn i jorda på staden. Det er ikkje tillate å bruke ublanda slam i private hagar, sentrale parkar, leikeareal og sportsareal.

Det viktig å vere merksam på følgjande miljøomsyn ved bruk av slam på grøntareal:

Det skal ikkje skape luktulempe, det må vere utan smitterisiko, slammet skal smuldre lett, **septikslam** som ikkje har passert rist, skal ikkje brukast på grunn av skjemmande partiklar som preventiv mv.

**Løyve til bruk av slam**

Det er kommunestyret eller den det gjev fullmakt som skal godkjenne bruk av slam på denne type areal , kfr. pkt. 4.3, og krava for bruk er slik:

- Det er den kommune der bruken av slammet skal skje som kan godkjenne bruk av slam til i medhald av denne forskrifta. Løyve til bruk kan gjevast som einskildløyve for kvar leveranse på grunnlag av den slamdeklarasjon frå akkreditert laboratorium slamprodusenten kan legge fram.
- Dersom brukaren har utarbeidd ein slambruksplan for spreiearealet kan det på gjevast løyve for ein periode for inntil 10 år om gangen. Slambruksplanen kan omfatte leveranse frå fleire slamprodusentar og gjelde over større område. Brukaren må føre oversikt over mengder og areal der slammet faktisk er spreidd.
- Alt slam skal vere hygienisert og stabilisert.
- Slammet skal smuldre, vere godt omsett og uttørka. Det skal leggest ut i lag på maks. 5 cm og blandast inn i jorda på bruksstaden. Ved bruk av slam til toppdekke på avfallsfyllingar skal dekkjiktet maksimalt vere 15 cm slam.
- I ei jordblanding må ikkje slammet utgjere meir enn maks. 30 volumprosent. Det bør blandast med mineralhaldig material (sandjord, leirjord, steinjord ol.) for å verte fastare.
- Ved bruk av slam i private hagar, leikeareal ol. skal slam berre vere ein del av eit dyrkingsmedium. Dette for å redusere risikoen for at barn kan komme i direkte kontakt under utlegging. Det gjeld same krav til brukskvalitet for slam som inngår i eit dyrkingsmedium, som til ublanda slam. I praksis vil dette vidare medføre at slam på denne arealtypen bare kan brukast der det skal etablerast eit nytt gras-vegetasjonsdekke.

**6.4 Krav til slam som ingrediens i jordblandingar , jordforbetningsmiddel og som del av andre produkt**

Vi viser forskrift om avløpsslam, forskrift om handel med gjødsel og jordforbetningsmiddel og til prosjektrapport nr. 52/1995 frå NORVAR, kfr. pkt. 4.3.

Slam blir i jordblandings-samanheng å definere som blanda slam og kan når vilkåra i forskrifta elles er oppfylt, brukast på alle typar grøntareal, også i private hagar, leikeareal og sportsareal.

Dyrkingsmedium er ei type jordblanding definert som eit blandingsprodukt av mineralsk og organisk materiale som skal brukast til dyrking av plantar. Slam kan utgjere heile eller delar av det organiske materialet, men bør ikkje vere meir enn maks. 30 volum-%.

Det er ulike jordprodukt i marknaden og desse kan inndelast slik: Jordforbetningsmiddel, jordblandingar, emballerte produkt og jord-dekkingsmiddel

Alle desse kan i prinsippet brukast som eit dyrkingsmedium, men slam vil ikkje bli godkjent brukt i emballerte produkt.

Det bør utarbeidast ein varedeklarasjon for jordblandingar og dyrkingsmedium som går lenger enn deklarasjonskrava etter slamforskrifta, kfr. rapport 53/1995. Her bør ein angi andel slam som er brukt, slambehandling og metode for hygienisering, kalktilsetjing og namn og adresse for produsent mv.

I prinsippet gjeld dei same krava til bruk av eit dyrkingsmediet som inneheld avløpsslam som til direkte bruk av det same slammet på aktuelle arealtypar.

I dyrkingsmedium bør ikkje slam utgjere meir enn 30 volumprosent og bør blandast med eit mineralhaldig materiale(sandjord, leirjord, steinjord o.l.) for å betre fastleiken. Når slam inngår i eit dyrkingsmedium, vil slamproduktet i tillegg bli omfatta av **forskrift om handel med gjødsel og jordforbetningsmidlar m.v** fastsett av Landbruksdepartementet 27. mai 1993. Produkt som er omfatta av sistnemnde forskrift, skal mellom anna godkjennast av Landbruksdepartementet eller den det gir godkjenningstil.

## 6.5 Krav til utarbeiding av slambruksplanar

Slambruksplan er definert som ein plan som beskriv planlagt bruk av slam på avgrensa område over lengre tidsrom. Det vil vere tungvint for ein aktiv slambrukar å søke om godkjenning for kvar slamleveranse. Rettleiaren frå Statens helsetilsyn om behandling av saker om tillatelse til bruk av avløpsslam inneheld disposisjon og søknadsskjema for både einskildsøknader og slambruksplanar. Det er viktig å skilje mellom ein slambruksplan og ein kommunal slamdisponeringsplan. En slambruksplan er nær knytt opp mot slamforskrifta, ein kommunal slamdisponeringsplan vil normalt kunne inngå i det kommunale kommuneplansystemet.

Slambruksplanar skal utarbeidast av eller på oppdrag av brukaren. Planen skal innehalde ei oversikt over slammengder og areal der slam er og/eller planlagt spreidd.

Slambruksplanar kan omfatte leveransar frå fleire slamprodusentar, og kan gjelde for større område.

Det er kommunen som står for godkjenning av slambruksplanar. Før det blir gitt godkjenning for bruk på jordbruksareal må det innhentast uttale frå den kommunale landbruksstyresmakt. Representative verdiar for tungmetall skal ligge føre før uttale blir gitt.

Ved utarbeiding av slambruksplan for andre arealtypar, bør det innhentast uttale frå berørt fagstyresmakt.

Den som får løyve til bruk av slam etter ein slambruksplan, må føre oversikt over mengder og areal der slammet faktisk er spreidd og oppbevare desse opplysningane i minst 10 år etter den periode slambruksplanen gjeld for.

Det kan i slambruksplanen settast krav også til transport frå slamprodusent til mottaksplass/lager på brukarstaden.



Den eller dei slambruksplanen er utarbeidd for må også sikre oppfylging av HMS-krav og føresetnader i slambruksplanen i verkssemda sitt internkontrollopplegg etter forskrift om internkontroll, kfr. pkt. 4.4.

## 6.6 Rutinar for prøvetaking , analyse og godkjenning

### Prøvetaking

Slamforskrifta sett strenge krav til dokumentasjon av slammet før godkjenning til ulik bruk. Det er også sett relativt strenge krav til prøvetakingsopplegg for denne dokumentasjonen.

SFT har utarbeidd ein rettleiar for prøvetaking av slam, kfr. pkt. 4.2. Prøvetakingsopplegget skal tilreidsstille kontrollkrava i slamforskrifta, dvs. kontroll av tungmetall etter fullført slambehandling, informasjon om innhald av organisk stoff og næringsstoff , like så av hygienisk kvalitet i det leverte produktet.

Slamprodusenten skal ta kontrollprøver av slammet og skal kunne knytte analyseresultata for denne prøva til dei spesifikke slammengder kontrollprøva representerer. Antal kontrollprøver som er naudsynt for å få ein representativ innhaldsdeklarasjon av ein slamleveranse vil vere avhengig av slammengde, industritilknytning o.a. Som rettleiande norm bør det takast minst ei kontrollprøve pr. månad for anlegg dimensjonert for 10.000 pe eller meir, ei prøve annankvar månad for anlegg mindre enn dette. Kfr. elles pkt. 4.2.

Det er ikkje gitt rettleiande norm for slam frå separate og offentlege slamavskiljarar. I prinsippet skal det takast prøve av kvar slamprodusent, men dette er praktisk og kostnadmessig uråd.

Som eit praktisk gjennomførleg prøvetakingsopplegg bør ein kunne legge til grunn at det skal takast ei delprøve frå kvart lass avvatna slam og at delprøvene blir godt blanda til ei kontrollprøve for kvar 100 m<sup>3</sup> avvatna slam for kvar årleg tømmerunde. .

Prøvetakingsopplegget bør drøftast/godkjennast av det organ som skal analysere slamprøva og dei som seinare skal vurdere å godkjenne bruk av slammet.

### Analyse

Analyse av kontrollprøver skal frå 1.7.1996 utførast av laboratorium som er akkreditert av Direktoratet for måleteknikk. Analyseresultata skal meddelast brukaren gjennom ein eigen innhaldsdeklarasjon og ein slik deklarasjon skal følgje alle slamleveransar som går til direkte bruk, like så for alle produkt som inneheld slam.

Det er slamprodusenten som har ansvar for å ta og sende inn kontrollprøver, like så ha eit system for lagring av slam slik at analyseresultata kan knytast til spesifikke slammengder, kfr. pkt 4.2 og 4.4..

### Godkjenning

Det er den kommune der slammet skal brukast som kan gi løyve til bruk av slam, medan fylkesmannen kan gi løyve til mellomlagring og deponering.

Det er den kommune der bruken av slammet skal skje som kan godkjenne lokal lagring slam i medhald av denne forskrifta. Løyve til bruk kan gjevast som einskildløyve for kvar leveranse på grunnlag av den slamdeklarasjon frå godkjent laboratorium slamprodusenten kan legge fram, kfr. pkt. 4.2 og 4.4.

Dersom brukaren har utarbeidd ein slambruksplan for spreiearealet kan det på gjevast løyve for ein periode for inntil 10 år om gangen. Slambruksplanen kan omfatte leveranse frå fleire slamprodusentar og gjelde over større område. Brukaren må føre oversikt over mengder og areal der slammet faktisk er spreidd.

Vidare kan kommunen i tillegg stille særskilte vil for bruk av slammet, like så for transport av slam mellom slamprodusent og brukar/mottaksplass.

Kommunen må vurdere om dei forureiningsmessige, fordbruksfaglege, helsemessige og hygieniske tilhøve er tilfredsstillande ivareteke før løyve blir gitt.

Som generelt krav for godkjenning av bruk av slam er at det skal vere hygienisert og stabilisert og at tungmetallinnhaldet ikkje skal overskride verdiane gitt i forskrift om avløpsslam.

Helsetilsynet har utarbeidd retningsliner for søknad om godkjenning av bruk av slam, enten som einskildløyve eller som løyve for inntil 10 år i medhald av ein slambruksplan.

Forskrift om avløpsslam blei gjort gjeldande frå 2. januar 1995. Det vil kome nye og strengare grenseverdier for tungmetall i slam og bruk av slam på areal frå 1.1.1996.

For lokal lagring og bruk av slam på jordbruksareal tre forskrifta i kraft frå 1.1.1998. Inntil denne dato gjeld krav om minimum 6 månader mellomlagring av avvatna råslam før bruk, av desse skal minst to månader vere sommarmånader.

#### **6.7 Krav til lokal lagring, mellomlagring og deponering av slam**

Lokal lagring er definert som lagring av slam på brukarstaden. Mellomlagring av slam er definert som tidsbegrensa oppbevaring av større kvanta slam i sentral eining.

Deponering er permanent plassering av slam som avfall på eit avgrensa område.

Det er fylkesmannen som har mynde til å gi slikt løyve, her under også mynde til å sette vilkår til mellomlagring og deponering, inklusive transport av slammet.

Fylkesmannen skal vurdere om forureiningsmessige, jordbruksfaglege, helsemessige og hygieniske tilhøve er tilfredsstillande ivareteke før løyve blir gitt. Ved vurdering av helsemessige tilhøve skal kommunen uttale seg i samsvar med kommunehelseloven.

##### **Krav til slam for lokal lagring**

Det kan vere aktuelt med lokal lagring av slam for både å avlaste slamprodusenten og å samle større mengde for å rasjonalisere spreieprosessen. Det gjeld ein del reduserte krav for lokal lagring, men frå og med uttak frå lokalt lager for bruk/spreiing av slam, gjeld krava til slammet fullt ut. Krava til lokal lagring er slik:

Alt slam skal vere hygienisert og stabilisert. Det må ikkje følgje med innhaldsdeklarasjon for slammet ved levering til lokalt lager, men godkjenning og innhaldsdeklarasjon må ligge føre før slammet kan brukast.

Lokal lagring av slam må ikkje så nær drikkevasskjelde at det oppstår fare for forureining av drikkevatt. Avstanden bør ikkje vere mindre enn 150 m, evt. meir om lokal topografi tilseier det. Avstand til vassdrag og sjø som ikkje tener som drikkevasskjelde, bør vurderast lokalt med omsyn til brukarinteresser, men bør minst vere 15 m.

##### **Krav til slam ved mellomlagring**

Mellomlagerplassar skal skjermast frå overflatevatn og ikkje plasserast slik i terrenget at dei kan bli utsette for flom eller så nær bekk, elv eller sjø, brønn eller anna vassforsyningssystem at det medfører fare for forureining eller hygieniske problem.

Mellomlagring må ikkje føre til luktulempe for fastbuande eller publikum. Avstand til næraste busetnad bør normalt vere minst 500 m ved mellomlagring av ustabilisert slam og minst 200 m ved stabilisert slam.

#### **Krav til slam ved deponering**

Kravet om stabilisering, hygienisering og maksimalinnhald av tungmetall gjeld ikkje for deponering av slam. Slammet bør avvattast til 30 % TS og avstand til næraste busetnad bør vere minst 500 m for slam som ikkje er stabilisert og minst 200 m for stabilisert slam.

Løyve til deponering av slam skal av forureiningsmessige og ressursmessige årsaker givast som ei unntaksløysing. Deponering kan ikkje tillast om det vil medføre fare for forureining av drikkevatt. Etter 1.1.1997 vil det ikkje bli tillate å deponere organisk avfall/slam i fylling for restavfall. Eventuell deponering av slam må da skje i spesialdeponi.

### **6.8 Evt. forbrenning av slam**

Slam kan i prinsippet brennast til liks med vanleg forbruksavfall. Forbrenning kan vere ein siste utveg om ein ikkje kan finne avsetnad/mottakarar av produsert slam utan at sjølkost for behandling og levering av slammet blir vesentleg større enn ved levering til eit forbrenningsanlegg, og at det ikkje blir gitt løyve til deponering.

Sett ut frå eit ressursutnyttingssynspunkt er brenning av slam ei dårleg løysing, men ein må også for denne løysinga vurdere den samfunnsøkonomiske kostnad mot tilsvarende nytte. Likevel bør brenning av slam sjåast på som ei unntaksløysing til liks med deponering.

## 7. BEHANDLINGSMETODAR FOR SLAM

Vi viser til prosjektrapport frå NORVAR om slambehandlingsmetodar, rapport 51/1995, kfr. pkt. 4.3.

Ein kan legge til grunn at mesteparten av det slammet som blir motteke på ulike mottaksplassar rundt om i fylket, vil vere avvatna 15-20 % TS. Dette vil seie en konsistens som våt myrjord. Det innsamla og motteke slammet må ikkje vere kjelde for spreiding av sjukdomsframkallande mikroorganismar, eller skape lokal luktulempe eller anna forureining i nærrområde av mottaksplassen. Det må settast i verk tiltak som vernar omgivnaden mot slike ulemper. Dette kan gjerast ved at slammet blir stabilisert og hygienisert, og sjølve mottaksplassen for slam må byggast opp slik at avrenning mv. kan bli oppsamla og teke hand om på ein betryggande måte.

Ein viser i denne samanheng til tidlegare utarbeidd standardopplegg for mottaksplassar og omtaler ikkje dette meir i denne planen.

Ut frå forskrifter om marknaden sine krav til evt. bruk av kloakkslam er stabilisering og hygienisering absolutte krav som må gjennomførast på ein eller annan måte uansett seinare bruk. I det etterfølgjande er det gitt ei oppsummering om kva metodar for stabilisering og hygienisering som synest mest aktuelle for Møre og Romsdal.

### 7.1 Stabilisering

Dei biologiske aktivitetane til bakteriar som er i gang med nedbryting av organiske stoffet i slam gir ein del luktulemper. Dei prosessane som tar sikte på luktreduksjon kallast stabilisering, og ein skil mellom permanent stabilisert slam og mellombels stabilisert slam.

Slam vert permanent stabilisert kontrollert nedbryting av lettomsattleg organisk materiale i slammet. Kompostering gjev permanent stabilisert slam.

Ved mellombels stabilisering stoggar ein nedbrytingsprosessen ei viss tid. Men etter kvart vil denne prosessen starte opp att, og lukt problema vil gjenoppstå. Kalktilsetjing er et døme på slik mellombels stabilisering.

Aktuelle metodar for stabilisering av slam:

- Aerob stabilisering
- Anaerob stabilisering
- Kalkstabilisering
- Mellomlagring

Vi viser til full metodegjennomgang i prosjektrapport 51/1995, kfr. ref. 11. Det er her gitt eit samandrag av dei mest aktuelle metodane for Møre og Romsdal.

#### *Aerob stabilisering*

Aerob stabilisering er ein biologisk prosess der organisk materiale vert brote ned til karbondioksyd og vatn. I større reinseanlegg vert denne prosessen gjennomført ved at råslam vert lufta i opne tankar før avvatning. Opphaldstida er vanlegvis 15-20 døgn, og det skjer ingen auke i temperaturen i slammet. Opphaldstid, temperatur, pH og type slam er bestemmande for kor effektiv nedbrytinga av det organiske materialet vert. Aerob stabilisert slam er permanent stabilisert. Driftskostnadene kan bli høge.

#### *Anaerob stabilisering*

Anaerob (utan oksygen) stabilisering av slam, ofte kalla rotning, er ein biologisk prosess der organisk materiale via organiske syrer og alkohol vert overført til metangass, karbondioksyd og vatn. Rotnepro-

sessen går føre seg i lukka tankar, som vanlegvis er utstyrt for omrøring eller rundpumping av slammet, samt utstyr for kontrollert oppvarming.

Driftskostnadene ved denne prosessen kan vere låge, særleg dersom metangassen vert nytta.

Rotneprosessen er ein følsam prosess som gjer det nødvendig med nøye driftskontroll. Anaerobt stabilisert slam er permanent stabilisert.

### ***Kalkstabilisering***

Mellombels stabilisering skjer ved tilsetjing av leska kalk til slam som ikkje er avvatna. Ved tilsetjing av tilstrekkeleg mengde kalk vil pH-verdien auke opp til ca. pH-12,6. Den mikrobielle aktiviteten vil ved så høg pH-verdi stoppe opp.

Slam med høg pH-verdi vil avgi ammoniakk-gass, som også kan føre til luktulempar. Når slammet vert lagra utandørs vil mikroorganismene sin aktivitet etterkvart ta seg opp att, og rotneprosessen held fram. Luktulempene aukar i takt med nedbrytingsprosessen.

### ***Mellomlagring***

Fram til 1.1.1998 kan stabilisering skje ved mellomlagring i minimum 6 mnd., der minst 2 av desse skal vere sommarmånader. Det er krav til plassutforming, drenering/avløp, avstand til busetnad mv.

## **7.2 Hygienisering**

Dei fleste slamtypar har høgt innhald av mikroorganismar og parasittar som kan vere sjukdomsframkallande for menneske, planter og dyr. Slammet må difor handsamast slik at denne faren vert vesentleg redusert dvs. hygienisering av slammet. Eit hygienisert slam skal tilfredsstillende følgjande krav:

- ingen salmonellabakteriar skal kunne påvisast
- ingen parasitt egg skal kunne påvisast
- innhald av termotolerante koliforme bakteriar skal vere mindre enn 2500 pr. g TS.

Av metodar for hygienisering som er vurdert som aktuelle for Møre og Romsdal kan nemnast:

- kompostering
- aerob termofil stabilisering (våtkompostering)
- aerob termofil behandling + aerob termostabilisering
- kalkbehandling (Orsametoden)
- termisk tørking
- langtidslagring
- anaerob behandling

Vi viser til prosjektrapport nr. 51/1995 frå NORVAR, kfr. pkt. 4.3. Som eit samandrag om dei mest aktuelle metodane for Møre og Romsdal nemner ein:

### ***Kompostering***

I ein komposteringsprosess vert organisk materiale brote ned av mikroorganismar, som bakteriar og sopp, under tilgang på oksygen. I denne prosessen vert det danna humus, og restprodukta er karbondioksyd, vatn og varme. På grunn av varmeproduksjonen skjer det ei temperaturheving i slammet, og det er i første rekkje dette som gir hygienisering. Men stoffskifteprodukt frå komposteringsfloraen har òg ein toksisk verknad på sjukdomsframkallande mikroorganismar. Kompostering er ein aerob prosess, og god tilgang på oksygen er avgjerande for å halde denne i gang.

For å få komposteringsprosessen i gang, må tørrstoffinnhaldet i slammet vere ca. 30 % p.g.a. oksygentilførselen. Dette kan ein oppnå ved å blande inn bark, flis e.l., eller ved å la slammet ligge ei stund og tørke opp.



For å sikre at heile slamhaugen går gjennom ein fullstendig komposteringsprosess, må den vendast 2-3 gongar i månaden i min. 3 månader. Dersom ikkje bark, flis e.l. vert innblanda, må haugane vendast oftare.

Arbeidet med vending av slamhaugen vert vesentleg lettare dersom det er fast dekke under. Dersom kompostprosessen går som han skal, kjem temperaturen i slamhaugen opp i 60 - 70°, dvs. slamhaugen vert hygienisert.

Kompostmateriale må innehalde både karbon (C) og nitrogen (N) i nokolunde rett forhold. C finn ein særleg i treaktige plantedelar, medan N kjem frå proteinet i plante/dyrerestar. Bakteriane skaffar seg energi ved å omdanne C til CO<sub>2</sub>. N treng dei for å byggje eigne kroppar - "body building". Ein snakkar om C/N forholdet i komposten, og i starten på ein komposteringsprosess bør det vere 25; dvs. 25 gongar meir i C enn N. Ferdig kompost bør ha eit C/N forhold på 15.

For lågt C/N forhold kan vere årsak til at komposteringsprosessen ikkje kjem i gang. Dette skuldast for lite energi til mikroorganismane. Ved for høgt C/N forhold kjem vanlegvis prosessen i gang, men det tek lang tid.

Det er tre komposteringsmetodar som har vore i bruk i Noreg:

- Frilandskompostering
- Kompostering på lufta plate
- Reaktorkompostering

#### *Frilandskompostering*

Slam vert blanda med bark, flis, e.l. og lagt opp i ranker på frimark kfr. flytskjema s. 5. Temperaturen vil raskt nå opp i 60 - 70°C, dersom prosessen går som den skal. Når temperaturen går nedover att, tyder det på for lite tilgang på oksygen og næringsstoff, og ranken må snuast. Dette bør gjenta seg 3-4 gonger før kompostranken kan leggjast opp i haug til ettermodning, før bruk.

I nedbørrike område må ein treffe tiltak for å hindre at komposthaugen "drukmar". Dette kan gjerast ved å byggje tak over kompostrankane, men det vert både romslegare og meir fleksibelt å ta i bruk fiberduk. Fiberduken slepper damp, CO<sub>2</sub>, o.l. ut, men hindrar vatn i å trengje inn i komposthaugen.

#### *Kompostering på lufta plate.*

Slam vert lagt ut på betong eller asfaltplate, imontert dyser for innsuging/utblåsing av luft. På den måten vert oksygentilførselen sikra i heile slamhaugen, og komposteringsprosessen kan gå sin gang.

Slik kompostering fører med seg forholdsvis store investeringar, og dette kan difor verte ein dyr metode dersom ein ikkje får godt betalt for komposten.

#### *Reaktorkompostering*

Komposteringa forgår i ein reaktor: dvs. ein isolert trommel med kontrollert tilførsel av luft. Reaktoren er bygd opp med skrue innvendig, og når den går sakte rundt, beveger slammet seg framover i reaktoren. Når slammet kjem ut, har det opphalde seg i reaktoren i ca. 23 dagar, og det er ferdig kompostert og hygienisert. Det er høge temperaturar i ein slik reaktor (60 - 70°C), men dette kjem i si heilskap frå mikrobiell aktivitet. Den energien som vert tilført ved reaktorkompostering, er til å drive trommelen rundt.

Investeringane i reaktoranlegg er forholdsvis høge, slik at metoden kan verte kostbar.

*Det er viktig å vere merksam på at ferdig kompost må siktast før slammet held kvalitetsmål for vidare bruk utover bruk som dekkmasse på fyllplass. Sikting kan utførast med vibrerande og roterande sikt. Sikting av regnvåt kompost vil gje problem og arbeidet kan i praksis bare utførast etter opptørking i godversperiodar.*

#### **Aerob termofil stabilisering (våtkompostering)**

Våtkompostering er òg basert på biologisk nedbryting av organisk materiale med tilgang på oksygen. Men forskjellen på denne metoden og aerob stabilisering er at i denne prosessen tek ein vare på varmen som vert utvikla av mikroorganismane.

Dette skjer ved å nytte isolerte tankar og spesielle luftesystem (evt. tilførsel av rein oksygen), slik at varmetapet til området rundt vert minst muleg.

Prosesen vert drive ved temperatur på ca. 60°C; dvs. slammet vert hygienisert ved kun kort opphaldstid (mindre enn 1 døgn). For å oppnå tilfredsstillande stabilisering av slammet ved denne prosessen, må opphaldstida vere 5-8 døgn.

For vidare bruk av slammet må det fortjukkast til ca. 7 % og evt. spreast som blautgjødning på jordbruksareal, eller avvatnast til min. 20 % TS.

#### **Aerob termofil forbehandling + anaerob stabilisering**

I staden for å gjennomføre både hygienisering og stabilisering av slammet ved aerob termofil stabilisering, kan ein kombinere dette med termofil handsaming (hygienisering) følgd av anaerob stabilisering. Opphaldstida i den aerobe prosessen er då så lang at ein får tilfredsstillande hygienisering (mindre enn 1 døgn). Slammet vert sidan ført over i rotnetankar og stabilisert anaerobt. På grunn av den korte opphaldstida i det aerobe trinnet, må det tilførast energi for å oppnå 60°C, men dette kan ein ta frå gassen som vert produsert i rotnetanken.

Det utrotna slammet blir til slutt avvatna til tilfredsstillande TS for krav til vidare bruk.

#### **Anaerob behandling**

Prosesen VØR har valt for sitt anlegg er anaerob og blir utført i ein lukka prosess der både stabilisering og hygienisering skjer samtidig. Den organiske massen blir oppvarma til 70 C i 30 min. og hygienisert.

#### **Kalkbehandling (Orsametoden)**

Uleska kalk blir ved denne metoden tilsett til avvatna slam. Ein får ved dette kraftig temperaturauke og ein høgare pH. Dette medfører god hygienisering av slammet.

Av maskinelt utstyr krev metoden kalksilo, lagersilo for avvatna slam, blande- og transportutstyr og ein isolert hygieniseringssilo. Driftserfaringane er gode også for mindre anlegg.

#### **Termisk tørking**

Ved termisk tørking av slam, vert vassinnholdet redusert ned til ca. 15 % eller mindre ved fordamping (85 % TS-innhald). I dei fleste slamtørkingsprosessar opererer ein med temperaturar over 100°C.

Slammet vert hygienisert på grunn av den høge temperaturen, men og ved at vassinnholdet i slammet vert så lågt. Så lenge slammet vert lagra slik at det vert halde tørt, er det også stabilt mot nedbryting sjølv om slammet ikkje er stabilisert.

Ved kombinasjon av anaerob stabilisering og termisk tørking kan ein få eit slam som både er stabilisert og hygienisert. Ved anaerob stabilisering av slammet vil en kunne også få biogass som brukast for tørkeprosessen.

Sjølve tørkeprosessen/maskinutrustninga er vanlegvis basert på enten direkte tørking eller indirekte

tørking.

Tørka slam med ca. 85 % TS kan etterbehandlast med mekanisk utstyr til eit granulert eller pillitert produkt. Slammet er i pelletert/granulert form lett å handtere og lagre. Volumet er redusert til ca. 25 % i høve til inngåande mekanisk slamvolum. Dette slammet kan derfor omsettast over heile landet som vanleg handelsegjødsel. men krava etter forskrift om handel med gjødsel og jordforbetringmiddel må oppfyllast.

Prosessen krev store mengder energi, og er neppe aktuell om ein ikkje har tilgang på billeg energi.

### **Langtidslagring**

Det går også føre seg ein komposteringsprosess i slam som vert lagra ei tid, men denne prosessen er ukontrollert. Dei skadelege mikroorganismene dør etter kvart ut av mangel på næringsstoff og oksygen, ved temperatursvingingar o.l.

Langtidslagring av slam skal forgå på mellomlagerplassar som er godkjent til dette formålet. Lagerplassen skal plasserast og utførast i samsvar med retningsliner, for å unngå ureining av området i form av luktulempar eller avrenning til vassdrag m.m.

Slammet skal vere lagra så lenge at det er hygienisert og stabilisert. Dette tek normalt 3 - 4 år, avhengig av m.a slamtype og klima. Analysar av bakteriologisk innhald i slammet viser om slammet er ferdig hygienisert. Evt. parasittegg kan framleis vere aktuelle og slammet vil i så fall ikkje tilfredsstille hygienekrava etter slamforskrifta.

Ein må også vere merksam på kvalitetskrav til slam med omsyn til innhald av framandstoff som plast, bind- og kondomrestar mv. Dette må fråskiljast i eit ristanlegg og dette set i seg sjølv krav til konsistens av det ferdighandsama langtidslagra slammet.

### **Spesielt for handtering av septikslam**

Ein bør vere spesielt merksam på at septikslam som ikkje har passert rist før avvatning - slik det skjer ved t.d. mobil avvatning, inneheld mange uønska framandelement og er ikkje tilrådd brukt på grøntareal utan at desse framandelementa - plast, bind- og kondomrestar mv. er fjerna. Vi meiner ein bør stille det same kravet til slam brukt på jordbruksareal.

Den truleg enklaste metoden for fjerning av dette uønska innhaldet, er ved sikting av lett smuldrande ferdighandsama slam.

## 8 VAL AV HOVUDLØYSINGAR

### 8.1 Innsamling og avvatning

Innsamling og avvatning vil i hovudsak bli basert på mobile avvatningsbilar slik det er tilrådd i del I av slamplanen. Vestnes og dels Aukra har valt å satse på avvatning i lagune, Rindal og Ålesund (prøveopplegg) vil tilføre slam frå slamavskiljarar til reinseprosessen i høggradige reinseanlegg.

Alle mottaksplassar skal frå 1.1.97 vere utforma med mottaksareal, oppsamlingssystem m.v. slik det i prinsippet er lagt opp til i

"Vegleiar for etablering av deponi/mellomlagerplass for avvatna slam"  
av 14. april 1992 utarbeidet for Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen har sett "litt stort" på mange forenkla mottaksplassar til nå, men ein må litt etter kvart få etablert varige og framtidretta mottaksplassar der slammet kan bli behandla og teke vare på slik at krava i forskriftene kan bli oppfylt.

### 8.2 Disponering og behandling

#### Disponering

For at det i det heile skal vere relevant å snakke om disponering eller bruk av slam, er ein avhengig av at det finst aktuelle eller potensielle avtakarar for slammet. Det må eksistere eller byggast opp ein marknad for eit produkt med basis avløpslam.

Vi veit at kloakkslam har eit avsetningspotensiale innan jordbruket for sin nytteverdi som

- gjødsel
- og/eller
- jordforbedringsmiddel

Vi veit også at det kan vere ei viss interesse for bruk av kloakkslam som toppdekke ved avslutningsarbeid på fullførte anleggsarbeid utført av/for kommunar eller Statens vegvesen. Likså veit vi at parketatane i dei kommunane som har slike etatar, også har ei viss interesse av kloakkslam.

I tillegg er det grunn til å rekne med at andre brukarar av gjødsel, jordforbetningsmiddel eller dyrkingsmedia kan vere potensielt interesserte i å bruke kloakkslam, eksempelvis entreprenørar, husbyggjarar/hageeigarar, vekstjordprodusentar m.v.

Ein føresetnad frå alle interesserte og potensielt interesserte er at kloakkslammet:

- a) er ei vare eller produkt kundane må/skal/vil ha
- b) held dei kvalitetsmål brukaren set
- c) overheld dei kvalitetskrav styresmaktene set og at det kan framleggast ein påliteleg varedeklarasjon
- d) slammet er enkelt å få tak i, bringe på plass og spreie dit det skal
- e) at det ikkje medfører større miljøproblem enn andre tilsvarande produkt, helst omvendt
- f) at prisen er konkurransedyktig mot alternative produkt
- g) at offentleg styresmakter/slamprodusenten m.fl. klarer å bryte dei motførestellingar av meir psykologisk karakter mange har mot kloakkslam og bruk av produkt som er basert på dette råstoffet.

Diverre har vi ingen marknadsundersøking å støtte oss til når aktuelle og potensielle kundegrupper og muleg salgs volum skal vurderast.

Reklame- og informasjonskampanjar kan i vesentleg grad påverke marknaden. SFT/NORVAR har på gang eit informasjonsopplegg for bruk av kloakkslam.

Sidan det finst svært få data, har vi ut frå eige skjønn gjort ei vurdering av aktuelle og potensielle større kundegrupper, kvalitetskrav, produktform/levering, avtakspotensiale og betalingsvilje.

Ettersom dette er eit skjønn, må/bør vurderingane sendast ut på ei høyringsrunde til aktuelle faginstansar. På bakgrunn av stramme tidsrammer må dette gjerast som del av høyringsprosessen for heile del II av slamplanen.

Aktuelle og potensielle slamkundar:

### **Jordbruket**

Ein del nøkkeldata areal, husdyrhald mv. er samanstilt på vedlegg 5.

#### **Bruksområde:**

- gjødsel på kornareal
- kvalitativ betring av jord som har underskot på organisk stoff dvs. sand- og leirhaldig jord.
- attlegg av åker/snudd grøntforareal.

#### **Kvalitetskrav:**

- kfr. pkt.4.2.2.3 om gjødselverdi og jordforbetrande eigenskapar. Næringsverdi av P, N og kalsium må dokumenterast. Likså tungmetallinnhald.
- slamproduktet må kunne spreiaast med standard utstyr som er lett tilgjengeleg.
- slammet må tilfredsstille krava i slamforskrifa og gjødsel forskriftene
- slammet skal vere eit reint gjødsel/humusprodukt og ikkje innehalde framandelement av plast, gummi, trefiber m.v. over storleik av 0,5 cm.
- Stabilisert og hygienisert avvatna slam og tørka granulert/brikketert slam kan brukast til gjødsel og/eller som jordforbetningsmiddel på grøntforareal der det kan nedmoldast.

#### **Produktform/levering:**

- Slammet må kunne leverast som fuktig materiale lagt i haug utan å flyte utover ved normale vertilhøve eller i sekk som granulert/brikketert produkt.

#### **Avtaksvolum**

- Kornareal  
I Møre og Romsdal utgjer dette 21 000 da. Årleg gjennomsnittleg slamavtak kan vere inntil  $2 \times 21\,000 \text{ TS}/10 \text{ år} = 4\,200 \text{ t TS/år}$ , dvs. ca.  $20.000 \text{ m}^3$  ved 20 % TS
- Attlegg for eng  
Fulldyrka eng utgjer totalt ca. 469 000 daa. Dersom ein i gjennomsnitt reknar at 5 % av arealet går til attlegg kvart år og at 10 % av dette arealet har underskot på husdyrgjødsel, vil potensiell slammottak bli  $469\,000 \times 0,05 \times 0,1 \times 2 \text{ t TS}/10 \text{ år} = 4690 \text{ t TS/år}$   
Med 20 % TS i avvatna/behandla slam utgjer dette ca.  $23.500 \text{ m}^3$  slam/år.

#### **Betalingsvilje**

- Liten eller ingen betalingsvilje for fuktig slam i bulk
- Ekvivalent pris med handelsgjødsel for granulert/brikketert slam.



**Konklusjon:**

- Om ein oppnår avsetning for 25 % av marknadspotensialet vil jordbruket åleine kunne ta imot 50 % av tilgjengeleg avløps slam i Møre og Romsdal.

**Kommunane****Bruksområde:**

- gjødsel/jordforbetring i vekstjord for blomster, prydplantar m.v.
- toppdekke på evt. avfallsdeponi/restavfallsplassar
- toppdekke som skal tilsåast på veg- og anleggsskråningar
- nyanlegg av grasdekke på friområde og sportsareal.

**Kvalitetskrav:**

- slammet må tilfredsstillе krava i slamforskriftene
- slammet skal vere eit reint gjødsel/humusprodukt og ikkje innehalde framandelement av plast, gummi, trefiber m.v. over storleik av 0,5 cm.
- Stabilisert og hygienisert avvatna slam og tørka granulert/brikketert slam kan brukast til gjødsel
- Slammet skal tilfredsstillе krav i NORVAR-rapport 53/1995.

**Produktform/levering:**

